

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for næring, kultur og idrett  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 02.12.2013  
**Tid:** 16:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 27.11.13

Bjørn Otterlei  
leiar

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 87/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 88/13	Protokoll frå førre møte
PS 89/13	Referatsaker
PS 90/13	Klage på vedtak. Jungelkongen - Støtte frå kommunalt næringsfond
PS 91/13	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av Aktivitetspark i Tjørvåg samt støtte til tiltaket
PS 92/13	Vedk. søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for kunstgrasbane på Moltu.
PS 93/13	Oppløysing av Søre Sunnmøre Hjorteviltutval
PS 94/13	Søknad om midlar frå kommunalt næringsfond. Moldskred Renovasjon AS
PS 95/13	Søknad om RDA- midlar. Fosnavåg Konserthus AS
PS 96/13	Søknad om RDA- midlar. Runde miljøsender - Kaldt Hav utstilling.
PS 97/13	Søknad om Rda- midlar. Sunnmøre museum.
PS 98/13	Søknad om RDA- midlar. Makrell- festival 2014.
PS 99/13	Søknad om RDA- midlar. Maritim sommarfestival 2014.
PS 100/13	Søknad om RDA- midlar. Pir-festival 2014.
PS 101/13	Søknad om RDA- midlar. Marknadsføringsprosjekt. Herøy Næringsforum.
PS 102/13	Søknad om RDA- midlar. Byutviklingsprosjekt for Fosnavåg By.
PS 103/13	Søknad om RDA- midlar. Sunnmørsbadet Fosnavåg.
	<b>Referatskriv:</b>
RS 14/13	Møtekalendar 2014








PS 87/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 88/13 Protokoll frå førre møte

PS 89/13 Referatsaker



Assisterande rådmann

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/888
		Arkiv:	243

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
90/13	Komite for næring, kultur og idrett	02.12.2013

### KLAGE PÅ VEDTAK. JUNGELKONGEN - STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND

#### Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring, kultur og idrett kan ikkje sjå at det kjem fram vesentlege nye opplysningar i klaga og held fast ved vedtaket i KN-sak 73/13.

Saka vert oversend klagenemnda til endeleg avgjerd

Særutskrift:

- Jungelkongen v/Oscar Nordbø, Frøystad, 6095 Bølandet
- Økonomiavdelinga
- Assisterande rådmann

**Vedlegg:**

- Klage journalført 08.11.13 med vedlegg.

**Saksopplysningar:**

Jungelkongen v/Oscar Nordbø klagar på vedtaket i KN-sak 73/13. Saka følgjer vedlagt som trykt vedlegg.

Klagaren understrekar at søknaden ikkje gjeld rein driftsstøtte, men gjeld ei vidareutvikling av føretaket. Nyinvesteringa det er søkt om støtte til, vil auke kapasiteten og kan i tillegg gi høve til oppdrag på vinterstid, noko som i tilfelle vil vere ein ny nisje for Jungelkongen.

**Vurdering og konklusjon:**

Eg kan ikkje sjå at det kjem fram vesentlege nye opplysningar i klaga og rår komite for næring, kultur og idrett til å halde fast ved vedtaket i KN-sak 73/13 og sende saka til klagenemnda til endeleg avgjerd.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 21.11.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	AK	Arkivsaknr:	2013/1376
		Arkiv:	D11

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
91/13	Komite for næring, kultur og idrett	02.12.2013
232/13	Formannskapet	03.12.2013
	Kommunestyret	12.12.2013

### IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV AKTIVITETSPARK I TJØRVÅG SAMT STØTTE TIL TILTAKET

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune førehandsgodkjenner planane om aktivitetspark plassert mellom Stokksund skule og Tjørvåg stadion, med dei merknader som er nemnt i saksutgreiinga.
2. Herøy kommune skal forskottere spelemidlane til bygging av aktivitetsparken med inntil kr. 900.000 i 2014 og inntil spelemidlane vert utbetalt, men under føresetnad at søknadane om spelemidlar vert godkjent frå fylket si side.
3. Herøy kommune skal stille lånegaranti for eit lån som Tjørvåg IL skal ta opp på inntil kr. 2,2 mill. Lånet skal reduserast når tilskot frå spelemidlane og event. anna tilskot, og mva er utbetalt. Ein føresetnad for lånegaranti er godkjenning frå fylkesmannen.
4. Herøy kommune skal yte eit årleg driftstilskot til aktivitetsparken etter ein nærare utarbeida avtale som skal politisk handsamast.
5. Før byggearbeida vert sett i gong må Tjørvåg IL ta nærare kontakt med utviklingsavdelinga og anlegg- og driftsavdelinga for å finne ei betre løysing i høve til kommunevegen og tilkomstvegen, samt tilkomst frå skulen og anlegget elles for rullestolbrukarar.

Særutskrift:  
Tjørvåg IL, v/ Gry L. Kempton, 6070 Tjørvåg  
Kulturleiaren

## **Vedlegg:**

Søknad om førehandsgodkjenning av aktivitetspark, Tjørnvåg stadion datert 18.11.2014  
Handlingsplanen for spelemidler 2011-2014.

## **Saksopplysningar:**

Tjørnvåg IL søker om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av Aktivitetspark mellom Stokksund skule og Tjørnvåg stadion. Parken skal innehalde Ballbinge, Skatepark / Paviljong og Tennisbane.

Alle tre trinna skal byggast samtidig sidan det er mest hensiktsmessig. Tjørnvåg IL vil søkje om spelemidler i nærmiljøordninga til kvar av dei 3 prosjekta med inntil kr. 300.000 for kvart prosjekt.

Tjørnvåg IL skal sjølv stå som byggherre og planlegg byggestart til våren 2014 og ferdigstilling i august / september.

I høve prosjektet søker Tjørnvåg IL om forskotering av spelemidlane på inntil kr. 900.000 frå Herøy kommune.

Tjørnvåg IL søker i høve same om ein kommunal lånegaranti på inntil kr. 2,2 mill. for fullfinansiering av prosjektet. Det er Sparebanken Møre som krev slik garanti.

Tjørnvåg IL har innhenta tilbod på grunnarbeid, støttemur og asfaltering samla for dei 3 prosjekta, i tillegg av diverse utgifter for aktivitetsparken. Kostnadane har dei så delt i 3 og lagt til dei 3 prosjekta sine spesifikke kostnader.

Det er utarbeida ulike vedlegg etter krav i høve spelemidlane.

## **Vurdering og konklusjon:**

Kommentar til dei ulike vedlegga:

### **Vedlegg 1: Anlegget sin plass i Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.**

Tjørnvåg Aktivitetspark ligg inne i handlingsplanen for kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv under nærmiljøanlegg. Jmf. F-sak 69/13.

I handlingsplanen for nærmiljøanlegg har dei 3 først prioriterte anlegga motteke tilskot. Dei resterande anlegga i handlingsplanen bortsett frå Tjørnvåg IL, har ikkje søknader klar for søknad om spelemidler. Tjørnvåg IL, aktivitetspark skulle såleis vere i posisjon for tilskot frå nærmiljømidlane i 2014 om søknad vert sendt inn og vert godkjent. Spørsmål kan vere at ikkje alle 3 prosjekta får tilskot 1. året.

### **Vedlegg 2: Universell utforming.**

Her vert det gitt ei grei orientering om tilkomsten til anlegget. Men trapper til anlegget frå skulen er ikkje tilfredsstillande i høve til universell utforming. Jmf. tilgjengelegheitslova og plan og bygningslova jf. §29.3. Her må idrettslaget sjå nærare på ein sikker tilkomst for t.d. rullestolbrukarar mellom skulen og aktivitetsparken.

### **Vedlegg 3: Situasjonsplan i målestokk 1:1000.**

Det er lagt ved tilfredsstillende kart i rett målestokk, men pga. nivåforskjellane i heile anlegget, burde det ligge før ei snitt-skisse som viste dette.

### **Vedlegg 4: Behovsoppgåve.**

Behovsoppgåva skildrar behovet for fleire aktivitetar til området på ein tilfredsstillende måte. Fotball er einaste aktiviteten til idrettslaget i dag og her er eit klart behov for fleire aktivitetar. Skulen med sine ca. 170 elevar frå 1. til 10. kl. og som ligg tett inn til anlegget, vil også kunne gjere seg nytte av anlegget i tillegg til eigne aktivitetsanlegg som skulen disponerer.

Møteplassen med paviljong vil også vere eit positivt element til aktivitetsparken.

### **Vedlegg 5: Enkelt kostnadsoppsett.**

I høve til idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er det ikkje krav om detaljert og dokumentert kostnadsberekning. Men krava i høve til søknad om spelemidlar er at det skal utarbeidast så detaljert kostnadsberekning at faktura kan visast attende til kostnadsberekninga.

I høve til grunnarbeidet inkl. grunnmur og asfaltering har Tjørnvåg IL henta inn samla tilbod på alle 3 byggetrinna. Fylket krev at dei må søkje separat for kvart av dei 3 anlegga; ballbinge, skatepark og tennisbane. Kostnadane har dei delt i 3 og lagt dei til dei 3 anlegga sine spesifikke kostnader og slik kome fram til ein samla kostnad for kvart enkelt av dei 3 anlegga. Her vil utfordringa verte å framskaffe tilfredsstillende faktura som kan godkjennast i høve til utbetaling av spelemidlane.

Den totale summen for anlegget er berekna slik:

1. Ballbinge	kr. 659.267.	kr. 824.084 inkl.mva
2. Skatepark	kr. 785.667.	kr. 982.084 ”
3. Tennisbane	<u>kr. 635.067.</u>	<u>kr. 793.834 ”</u>
Totalt.	<u>Kr. 2.080.000</u>	<u>kr. 2.600.000 inkl. mva</u>

### **Vedlegg 6: Førebels plan for finansiering og drift av anlegget.**

Anlegget er berekna finansiert på fylgjande vis:

Låneopptak	kr. 2.200.000
Eigenkapital	<u>kr. 400.000</u>
Tilsaman	<u>kr. 2.600.000</u>

Føresetnaden for å få tildelt lån hos Sparebanken Møre, er at Herøy kommune stiller lånegaranti. Økonomileiaren signaliserer at ein føresetnad for lånegaranti må vere at fylkesmannen vil godkjenne garantien til denne type tiltak.

Tjørnvåg IL søker også Herøy kommune om forskotering av spelemidlane med kr. 900.000. Ved forskotering av spelemidlane når anlegget er ferdigstilt, vil lånet verte redusert med kr. 900.000.

Tjørnvåg IL står sjølv som byggherre og vil kunne søkje om momskompensasjon frå departementet med inntil ca. kr. 580.000. Dette forventast utbetalt i 2015 om alt går etter planen. Dette vil etter idrettslaget si berekning redusere lånebehovet ytterlegare. Med

forskotering av spelemidlane og utbetaling av momskompensasjonen, vil lånet kunne verte redusert til kr. 780.000, skriv idrettslaget.

Rådmannen er positiv til det store engasjementet som idrettslaget legg for dagen for å legge til rette eit flott anlegg for barn og unge i bygda. Idrettslaget er svært opptekne av at dei unge i bygda skal trivast og ikkje minst vil laget gjere det dei kan for at dei unge på eit seinare tidspunkt kan kome attende til heimbygda si og vere med å drive positivt barne- og ungdomsarbeid på ein god måte, og elles vere viktig kompetanse for lokalsamfunnet elles. Dette er flott folkehelsearbeid som kommunen vil sjå positivt på.

Rådmannen ser likevel at idrettslaget tek på seg ei stor økonomisk byrde i tillegg til andre kostnader som laget har i høve til drifta, og ikkje minst i høve til fotballanlegget som allereie er teke i bruk. Rådmannen er noko usikker på om laget har tilfredsstillande økonomisk evne til å klare desse økonomiske byrdene, og vil av den grunn foreslå at ein ikkje set i gong bygging av anlegget før søknadane om tildeling av spelemidlar er godkjent frå fylket si side. Fylket har signalisert at idrettslaget må søkje separat for kvart av dei 3 anlegga.

Som eigar av anlegget vil Tjørnvåg IL ha ansvaret for drifta og vedlikehaldet av anlegget, men vil søkje Herøy kommune om driftsstøtte til aktivitetsparken til liks med kunstgrasbana. Ulikheita er at kunstgrasbana er eigd av kommunen som då har ansvaret for vedlikehaldet, men kjøper vedlikehaldstenester av idrettslaget.

Rådmannen er likevel positiv til å yte idrettslaget eit årleg driftstilskot etter ein nærare utarbeida avtale som skal politisk handsamast.

#### **Vedlegg 7: Dokumentasjon av tilpassinga av anlegget til bygningar i nærleiken og karakterar til landskapet.**

Det er lagt ved eit oversiktskart for nærområdet til anlegget i målestokk 1:2500 som m.a. viser kyrkja, delar av prestegarden, skuleområdet, aktivitetsparken, kunstgrasbana og einebustader i nærområdet.

Utviklingsleiaren skriv i si tilbakemelding om eit positivt tiltak, men synast nok at nærføringa til veg ikkje er god. I satsinga i arealplanen vil dette området etter alt å døme få ein stor tilvekst av nye bustadeiningar dei komande åra og at vegen forbi anlegget i det høvet må utvidast. Også betre grøftingar må på plass. Med bakgrunn i ovanfor nemnte, foreslår rådmannen at før byggearbeida vert sett i gong, må Tjørnvåg IL ta nærare kontakt med kommunen for å finne ei betre løysing i høve til kommunevegen, samt tilkomst frå skulen og anlegget elles for rullestolbrukarar.

Skuleavdelinga har ikkje merknader til planane. Skulen ser svært positivt på planane til idrettslaget og er glad for all aktivitet som kan kome elevane til gode. Også FAU ved skulen uttalar seg svært positivt til planane.

Leiaren for anlegg- og driftsavdelinga skriv det same som utviklingsleiaren.

#### **Vedlegg 8: Bilete frå ulike typar anlegg slik dei tenkjer seg at aktivitetsparken kan kome til å verte.**

Kulturavdelinga vil førehandsgodkjenne den idrettsfunksjonelle søknaden vedk. Tjørnvåg Aktivitetspark når dei ovanfor nemnte merknader er avklara.

Konsekvensar for folkehelse: Eit mykje positivt tiltak for folkehelsa

Konsekvensar for beredskap: Tiltaket har ikkje konsekvensar for beredskapen

Konsekvensar for drift: Tiltaket får konsekvensar for drifta

Fosnavåg, 20.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Andreas Kvalsund





Viser vidare til «**2.5.5 Allmenne vedlegg**»

Alle søknadar om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning, same kva anleggstype det gjeld, må innehalde:

**Pkt. 1:** opplysning om kva plass anlegget har i kommunal plan som omhandlar idrett og fysisk aktivitet

**Pkt. 2:** utgreiing om universell utforming

**Pkt. 3:** situasjonsplan i målestokk 1 : 1000 eller 1 : 500. Planen skal vise kva område som er til disposisjon for anlegget, og kva utvidingsreservar som er sikra. Oppdeling i eventuelle byggjested skal visast.

**Pkt. 4:** behovsoppgåve som forklarar den kartlegginga av behov som er gjort, og resultatet. Det skal særleg gjerast greie for behova til born og ungdom. Dette skal haldast opp mot gjeldande tilbod og vil danne grunnlag for innhald og dimensjonering av anlegget.


**Pkt. 5:** enkelt kostnadsoverslag.

**Pkt. 6:** førebels plan for finansiering og drift av anlegget.

**Pkt. 7:** dokumentasjon av tilpassinga av anlegget til bygningar i nærleiken og karakteren til landskapet. Det kan nyttast oppriss, aksonometri, perspektiv og modellfoto.

**Pkt. 8:** alle teikningar i tre eksemplar.

2.5.5 Allmenne Vedlegg Pkt 3



## **Pkt 4**

### Behovsoppgåve

Aktivitetsparken i regi av Tjørnvåg Idrettslag er planlagt på området til Tjørnvåg Stadion og ved Stokksund skule.

Tjørnvåg Idrettslag har per i dag 13 lag frå 6 år og opp til senior, med ca 150 aktive. Fotball er den einaste aktiviteten. Idrettslaget ser eit behov for alternative aktivitetar, både for medlemmar og andre. Vi ynskjer at flest mogleg skal vere i fysisk aktivitet og ynskjer å legge til rette for dette. Det er difor tenkt ein aktivitetspark som kan dekkje ulike behov. Det er planlagt ein ballbinge (Scansisløkka) med sport-court underlag for blant anna hockey og basketball i tillegg til fotball. Det er òg planlagt ei tennisbane og ein skatepark. I tillegg ynskjer idrettslaget å byggje ein paviljong der ein kan ha ein møteplass. Med dette ynskjer vi å dekkje eit aktivitetsbehov frå små born til senior.

Stokksund skule er ein 1-10 skule der elevane i 1.-7. klasse kjem frå Tjørnvåg og Myrvåg, og 8.-10. klasse kjem frå heile Indre Herøy. Stokksund skule har i lengre tid hatt eit fattig tilbod til elevane sine i friminutta. Det dei hadde, har vorte teke vekk grunna lovbestemte pålegg. Skulen nyttar kunstgrasbana til idrettslaget til gymtimar og i friminutta. Det er òg to dibbeduer og åtte reier. I tillegg har skulen nett fått eit leikeapparat for småskulen. Dette er ikkje nok for å aktivisere om lag 170 elevar frå 6-16 år. Spesielt lite er det for dei større elevane (10-16 år). I tillegg er det eit grusområde som ligg til skulen. Skulen ser difor særst positivt på det anlegget som no er under planlegging.

Tankane bak aktivitetane som er planlagde, er at dei skal vere interessante for ei vid aldersgruppe og at dei som ikkje vil spele fotball kan halde på med alternative aktivitetar.

Vi har eit ynskje om skape ein samlingsplass i trygge former der ulike grupper kan møtast. Dette viser seg viktigare og viktigare i dagens samfunn. Område der ein kan møtast til positive aktivitetar vil vere ei styrke i barn og unge sin oppvekst. Dette vil gjere bygda og kommunen til ein meir attraktiv stad å bu.

## Pkt 5

### Aktivitetspark trinn 1 – Scansisløkka (ballbinge)

#### Kostnad:

Scansisløkka	kr. 252 600,-
Grunnarbeid (kr.457200,- : 3)	kr. 152 400,-
Asfaltering (kr. 179200,- : 3)	kr. 59 733,-
Murkant (kr. 200000 : 3)	kr. 66 667,-
Diverse (kr. 383600,- : 3)	<u>kr. 127 867,-</u>
	Kr. 659 267,- eks. mva.
	Kr. 824 084,- inkl. mva

## Pkt 6

### Førebels plan for finansiering og drift av anlegget

Totalkostnad	kr.	2080 000,- eks. mva
	Kr.	2600 000,- inkl.mva
Låneopptak (Sparebanken Møre)	kr.	2200 000,-
Eigenkapital	<u>kr.</u>	<u>400 000,-</u>
	<u>Kr.</u>	<u>2600 000,-</u>

Føresetnad for å få tildelt lån hjå Sparebanken Møre er at Herøy kommune stiller lånegaranti.

Tjørnvåg I.L. søker Herøy kommune om forskottering av tippemidler kr. 300 000,- x 3 =  
kr. 900 000,-

Ved forskottering av tippemidler frå Herøy kommune, når anlegget er ferdigstilt (aug/sept 2014), vil lånet bli redusert med kr. 900 000,-

Tjørnvåg I.L. søker sjølv om momsrefusjon kr. 520 000,-, dette forventast utbetalt i 2015.

Ved momsrefusjon august / september 2015 vil lånet ha ein størrelse på kr. 780 000,-

Drift / vedlikehald tek Tjørnvåg I.L. seg av, men vil søkje om at Herøy kommune yter driftsstøtte til aktivitetsparken på same måte som ved kunstgrasbana, men ved ein mindre sum.



2.5.5 Allmenne vedlegg Pkt 7.





2.5.5 Allmenne vedlegg Pkt 7.



Herøy  
kommune

Grunnkart  
Målestokk: 1:2 500  
Dato 17.11.2013

70 m

Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen.  
Ellers står ikke kommunen ansvarlig.



# NÆRMILJØANLEGG



## SCANSIS LØKKA® - STÅL

- Unik utforming
- Miljøtilpassning
- Utbyggingsmuligheter
- Flerbruk
- Enkel montering
- Stønadsberettiget

Scansis løkka® er et moderne nærmiljøanlegg utviklet i samarbeid med profesjonelle industridesignere. Dette for å oppnå et nærmiljøanlegg som skal kunne stå ute i det offentlige rom i en årrekke.

Scansis løkka® er et mer helhetlig nærmiljøanlegg, tilpasset et rikt utvalg av aktiviteter både i og utenfor "løkka".

Scansis løkka® leveres standard i størrelsene 21x13 meter, 23,5x15,5 meter og 26x18 meter. Andre størrelser kan leveres på forespørsel.

- Sibirsk Lerk
- Varmgalvaniserte stålprofiler
- Ekstra avstivning for stabilitet
- Vedlikeholdsvennlig



[www.scansis.no](http://www.scansis.no)

# 1 Prioritert handlingsprogram 2011 – 2014      Justert febr. 2013

## 1.1 Ordinære anlegg/rehabilitering og anlegg for friluftsliv 2011 – 2014

K.sak 182/10 den 16.12.2010

P	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak <b>ORDINÆRE ANLEGG/ REHABILITERING</b>	Ansvarleg	Invest. Kostnad i 1000	Driftsutg ift pr. år	Finansiering - Totalt			ANLEGGSTART				
					KMi	SpMi	PR	2011	2012	2013	2014	
1	Kunstras Tjørvåg m/lysanlegg	Kommunen/ Tjørvåg IL	4.000	75	800	1500	1.650	X				
2	25 meters symjebasseng og stupeavdeling/ rehabilitering Fritidsbadet	Kommunen/ Fritidsbadet	*160.000			13.000		X				
3	Bowlinghall knytt til Fritidsbadet	Kommunen / Fritidsbadet	*18.000			2.500		X				
4	Rehab grasbane på Bergsøy stadion	Kommunen/ BIL	*10.900	50	2.200	2.500	6.300	X				
5	Kunstgras Gurskøy IL	Kommunen/ GIL	*3.200	35	650	950	1.900		X			
6	Klubblokale/ garderobe/ tribune v/kunstgrasbana	Kommunen/ BIL Fotball	*13.000		2.500	1.600	9.900		X			
7	Klubbhus/ reiskapshus Tjørvåg IL	Tjørvåg IL/ Kommunen	*4.000			700					X	
8	Idrettshall nye Leinøy skule / Einedalen skule	Kommunen	*20.000			7.000					X	
9	Rehabilitering grusbane/ løpebane	Moldtustr IL/ Kommunen										X
	Heid Turløype 1. byggesteg	BIL/Kommunen	903		220	450	370				X	
	Heid Turløype 2. byggesteg	BIL/ Kommunen	850		220	420	370				X	
	Heid Turløype 3. byggesteg	BIL/ Kommunen	*900		220	450	270					X

X = oppstartår /byggestart

\* Kostnadsberekningane er estimerte

## 1.2 Handlingsprogram for nærmiljøanlegg

P	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak	Ansvarleg	Invest. kostnad	Driftsutgift pr. år	Finansiering - Totalt			ANLEGGSSSTART			
					KMi	SpMi	PR	2011	2012	2013	2014
1	Ballbinge Røyra	Røyra Vel/ Kommunen	500		100	200	200	X			
3	Ballbinge Bergsøy skule	Kommunen	500		300	200	200	X			
5	Ballbinge Nerlandsøy	Kommunen/ grendelag/ FAU	500		110	200	190		X		
6	Stokksund skule - sandvolleyball	Kommunen/ FAU/ grendelag							X		
7	Ballbinge – Bø skule	Kommunen/ grendelag								X	
8	Nytt opplag/ ny utgåve av turkart for Søre Sunnmøre	Samarb. mellom Sande, Hareid, Ulstein og Herøy	400							X	
9	Badeplass/ akt/ veg Nautøy	Kommunen/ grendelag									X
10	Ballbinge/ aktivitetsfelt Fosnavåg sentrum/ Huldal	Kommunen/ grendelag									X
11	Aktivitetspark Tjørnvåg IL	Tjørnvåg IL	2,6 mill								

X= planlagd oppstartsår



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	AK	Arkivsaknr:	2013/1214
		Arkiv:	D11

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
92/13	Komite for næring, kultur og idrett	02.12.2013

### VEDK. SØKNAD OM IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING FOR KUNSTGRASBANE PÅ MOLTU.

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune vil ikkje ta opp fleire anlegg i Handlingsplanen for kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv før i høve revideringa av planen som vil starte opp i februar / mars 2014.
2. Søknaden frå Moltustranda Idrettslag vil verte vurdert teken opp i handlingsplanen i høve revideringa av kommunedelplanen i 2014.

Særutskrift:  
Moldtustranda Idrettslag, 6076 Moltustranda  
Kulturleiaren

## **Vedlegg:**

1. Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning frå Moltustranda IL
2. Tidlegare søknad av 07.05.2012
3. Svarbrev av 21.06.2012
4. Handlingsplan for kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

## **Saksopplysningar:**

Moltustranda Idrettslag søker om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for etablering av kunstgrasbane med tilstøytande lys og tribuneanlegg på Munkvoll stadion (grasbana til Moltustranda Idrettslag) og søker i same høve å verte ført inn på handlingsplanen for idrett.

Munkvoll stadion er ei 11`ar bane og lokalisert til eksisterande grasbane som ligg ved sidan av grusbana.

Klubben ynskjer å behalde eksisterande grusbane for å ha eit meir heilheitleg anlegg der friidrett og andre arrangement kan drivast. Om vinteren kan ein etablere skøyteis på bana om forholda er tilstades. Bana vert også nytta til parkering, etc. ved større arrangement. Idrettslaget har tilgang til garderober og sanitærforhold i Moltustranda Grendahus som ligg tett inn til grasbana.

Idrettslaget ynskjer at kommunen tek over drifta og eigarskapen av anlegget spesifikt lokalisert til kunstgrasbana. Overtaking av grunn er då aktuelt etter gitte retningliner frå kommunen. Prosjekteigar er Moltustranda Idrettslag (MIL). MIL foreslår at Hovudstyret kan styre prosjektet og hente inn nødvendig profesjonell kompetanse. Prosjektering og bygging av kunstgrasbana foreslår dei må yutførast av profesjonelle innleigde aktørar / leverandørar. Enklere oppgåver vil idrettslaget utføre på dugnad.

I søknaden henviser idrettslaget til synfaringa som komiteen for Næring, kultur og idrett gjorde til Munkvoll stadion 26.08.2013. Dei referer også til søknad / ynskje om kunstgrasbane datert 4.05.2012 og svar attende frå kommunen. Sjå vedlegg.

Det er lagt ved ulike vedlegg til søknaden om førehandsgodkjenninga.

## **Vurdering og konklusjon:**

I handlingsplanen ligg det i dag fleire anlegg som ikkje har fått spelemidlar eller har søkt om spelemidlar ennå. Fylgjande prioriterte anlegg ligg i planen i dag:

1. Tjørvgå kunstgrasbane – har fått tilskot kr. 788.000 x 2 = kr. 1.576.000
2. 25 m symjeanlegg og stupedel / rehabilitering av eksisterande. Har søkt om 11,7 mill i spelemidlar.
3. Bowlinghall knytt til fritidsbadet – ikkje vurdert som aktuell i dag.
4. Rehabilitering av grasbane på Bergsøy stadion. Har søkt om kr. 2,5 mill i spelemidlar.
5. Kunstgrasbane – 7-arbane- Gurskøy Idrettslag. Har søkt om kr. 1.000.000 i spelemidlar.
6. Bergsøy IL Klubblokale og garderober ved Bergsøy stadion (Havila stadion). Søknad om kr. 1,7 mill er planlagt å sende innan 15. januar 2014.
7. Tjørvgå IL Klubbhus, garderober og reiskapshus. Søknad ikkje klar.

8. Moltustranda IL. Rehabilitering av grusbana og løpebana rundt grasbana. Søknad ikkje klar.
9. Skeisehall på Hareid er teken ut då anlegget er lagt på is frå Hareid si side.
10. Heid Turløype, 1. byggetrinn. Har fått tilskot på kr. 450.000.
11. Heid Turløype, 2. byggesteg. Har fått tilskot på kr. 420.000.
12. Heid Turløype, 3. byggesteg. Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning ligg til politisk behandling.

Søknader om tilskot til friluftslivsanlegg vert prioritert foran andre typer anlegg i høve politisk behandling i Fylket.

Då det i dag er svært mange anlegg rundt om i fylket som har fått godkjent sine søknader, men ligg på vent for utbetaling av tilskot (må fornye søknaden kvart år), må ein også forvente at anlegg frå Herøy vil måtte vente på sine tilskot. Fylket opplyser at ventetida ligg på ein snitt på 4-5 år.

Herøy har i dag forskottert spelemidler til:

1. Sunnmørsbadet med kr. 11,7 mill
2. Havila (Bergsøy) stadion med kr. 2,5 mill. i tillegg av mva. ført attende i prosjektet.
3. Gurskøy stadion med kr. 1,0 mill. i tillegg av mva ført attende i prosjektet
4. Klubblokale Havila stadion med kr. 1,7 mill. i tillegg av forskottering av mva som BIL sjølv skal søkje kompensasjon for til departementet.

Gjeldande Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011-2014, er det planar for skal reviderast i løpet av 2014. Arbeidet bør starte opp i februar / mars slik at den kan vere klar for godkjenning på hausten.

Rådmannen er skeptisk til å ta fleire nye anlegg inn i Handlingsplanen før revideringa av planen vert gjort komande år.

Rådmannen er også skeptisk til å forskottere spelemidlane for fleire anlegg på noverande tidspunkt før nokon av dei ovanfor nemnte anlegga mottek tilskot frå spelemidlane. Dette bitt også opp mykje kapital for kommunen.

Endringane i høve føring av mva i rekneskapen for investeringsobjekt frå føring i drifta til at det skal førast i investeringsrekneskapen for det aktuelle prosjektet, ligg det også noko usikkerheit til på noverande tidspunkt.

I tillegg meiner rådmannen at det er svært aktuelt og viktig med ein skikkeleg gjennomgang av aktuelle anlegg for framtida før nye anlegg skal leggest på prioritering.

Rådmannen ser svært positivt på engasjementet som Moltustranda Idrettslag har for å få gjort noko med anlegga dei eig som har begynt å verte utrangert og som i tillegg treng sårt til rehabilitering, og ikkje minst for tilrettelegginga dei ynskjer for spesielt barn og unge i bygda.

Med det ovanfor nemnte som bakgrunn vil rådmannen foreslå at kommunen ikkje skal ta opp fleire anlegg i Handlingsplanen for kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv før i høve revideringa av planen som vil starte opp i februar / mars 2014.

Søknaden frå Moltustranda Idrettslag vil verte vurdert teken opp i handlingsplanen i høve revideringa av kommunedelplanen i 2014.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>	Eablering av kunstgrasbane på Moltu vil vere positivt for folkehelsa
<u>Konsekvensar for beredskap:</u>	Ikkje konsekvensar for beredskapen
<u>Konsekvensar for drift:</u>	Ei event. etablering av anlegget kan få konsekvensar for drifta.

Fosnavåg, 13.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Andreas Kvalsund



---

**Fra:** Andreas Kvalsund  
**Sendt:** 10. oktober 2013 09:56  
**Til:** Arkiv  
**Emne:** FW: Søkje om spelemidlar - tippemidlar-førehandsgodkjenning

Arkiv for innscanning

Helsing

**ANDREAS KVALSUND**

7008 1384 / 90 68 01 45

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

<p><b>Fra:</b> Maron Sandvik [mailto:msandvik@gjerde.com] <b>Sendt:</b> 9. oktober 2013 13:26 <b>Til:</b> Andreas Kvalsund <b>Emne:</b> SV: Søkje om spelemidlar - tippemidlar</p>
--

Hei,

Sjå vedlagt søknad.

Mvh

For Moltustranda IL  
Leiar  
Maron Sandvik  
+4791817938



Utvalet for Næring, kultur og idrett

Herøy kommune

Moltustranda idrettslag

v/Maron Sandvik

Moltustranda 09.10.13

### **Søknad om idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning**

Moltustranda Idrettslag vil med dette søke om idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning for etablering av kunstgressbane med tilstøtende lys og tribuneanlegg på Munkvoll stadion Moltustranda. Dette med prioritering på kommunedelplanen – handlingsplanen for ordinæranlegg for 2014.

Banen som ønskes oppgradert er en 11`bane og lokalisert til eksisterende gressbane.


Dagens grusbane ønskes beholdt, hovedsakelig for å få et mer helhetlig anlegg der friidrettsaktiviteter og andre arrangement drives. Om vinteren etableres det skøytebane her når forholdene er tilstede. Arealet brukes også til parkering etc. ved større arrangement. Idrettslaget har tilgang på garderober og sanitærforhold i tilstøtende bygning Moltustranda Grendahus.

Det ønskes søkt om kommunal drift og eierskap av anlegget – spesifikt lokalisert til selve kunstgressbanen. Overtaking av grunn er da aktuelt etter gitte retningslinjer fra kommunen. Prosjekteiger er Moltustranda Idrettslag (MIL). Hovudstyret i MIL vil kunne styre prosjektet og hente inn nødvendig profesjonell kompetanse. Prosjektering og bygging av kunstgressbanen må utføres av profesjonelle innleide aktører/leverandører. Enklere oppgaver vil bli utført på dugnad.

Henviser ellers til synfaring som Næring, kultur og idrett hadde på Munkvoll stadion 26.08. 2013. Refererer også til søknad om kunstgressbane datert 04.05 2012, reg.nr.2012/71 behandlet hos dere. Se vedlegg 9.

Med vennlig hilsen

Moltustranda Idrettslag



.....

Maron Sandvik

Leder

Vedlegg/opplysninger (basert på søknadsprosedyre skissert i dokument datert 21.06.2012, Andreas Kvalsund):

- 1) Opplysninger om anlegget sin plass i den kommunale handlingsplanen
- 2) Situasjonsplan i målestokk 1:1000 eller 1:500
- 3) Behovsanalyse som forklarer behovet for anlegget
- 4) Enkelt kostnadsoppsett i eget vedlegg
- 5) Foreløpig plan for finansiering og drift
- 6) Dokumentasjon av tilpasning av anlegget til bygninger i nærheten og karakterer i landskapet
- 7) Eventuelle tegninger av hus eller bygninger som hører til anlegget
- 8) Baneforhold dagens gressbane.
- 9) Tidligere søknad om kunstgressbane.
- 10) Svar på søknad.

### Vedlegg 1:

Prosjektet ligger ikke inne i den kommunale handlingsplanen. Rehabilitering av grusbane/løpebane ligger på 9.plass i handlingsplanen i 2014, men kan ikke uten videre overføres til gressbanen i følge fylket (dokument datert 21.06.2012, saksnummer 2012/71 arkiv 143).

### Vedlegg 2:


Oversiktsbilder over Munkvoll stadion med tilstøtende grendahus, redskapsbod/kiosk, grusbane og parkering.

Større asfaltert parkeringsplass

Moltustranda Grendahus m/garderober



Eksisterende gressbane der kunstgressbane er tenkt anlagt.



Lager/kiosk tiltenkt utbygd

Grusbane m/flomlys



### **Vedlegg 3:**

Idrettslaget har siste årene opplevd en svært stor økning i aktivitet og engasjement innenfor aldersbestemt fotball i alle aldersklasser. Idrettslaget har også stor aktivitet innenfor A-lagsfotball i samarbeid med Gjersvika idrettslag.

Banedekket både på eksisterende gressbane og grusbane krever svært mye vedlikehold for å kunne holdes i noenlunde stand, og er dermed både kostnadskrevende og arbeidskrevende. Rapport fra banemester Øyvind Kormeseth (Aker stadion Molde) peker på tett drenering over hele gressbanen, og mener denne må legges om for å få en funksjonell bane (se vedlegg 8).

Treninger om høsten og vinteren forsøkes å bli holdt ute på disse banene, men må ofte avlyses på grunn av for dårlige forhold. Vi vil med etablering av ny kunstgressbane i betydelig større grad kunne drive aktivitet ute gjennom hele året. Dagens løsning med innendørs aktivitet drives i lokalet til grendahuset, og er følgelig svært lite egnet.

Etablering av ny kunstgressbane vil skape enda mer engasjement og aktivitet i idrettslaget innenfor flere felt, og således ha en positiv virkning på helse og trivsel for unge og eldre i bygda og omegn.



#### Vedlegg 4:

Kostnadsplan:

Kommentar til kostnadsoverslag/finansiering:

Vi har basert kostnadene på en del lignende prosjekt i nærområdet de siste årene, og anslått en prisstigning i forhold til tidspunktet for gjennomførelsen av de andre prosjektene. Vi har i første rekke brukt kunstgressbaneprosjektene til Hasundgot IL, Haddal IL og Gurskøy IL som referanser.

Finansieringsoverslaget er basert på at Moltustranda IL faller inn under kategori som gir momsfristak, eller at Herøy kommune står som byggherre (ref. referert mva)

Kostnadsplan:

Asfalt sikringssoner, grus løpebane:	kr.	250 000,-
Gjerde, nett etc:	kr.	150 000,-
Grunnarbeid –oppbygging kunstgrasbane, ledningsarbeid	kr.	2 700 000,-
Kunstgress (gress,oppmerking, etc)	kr.	2 200 000,-
Lysanlegg	kr.	600 000,-
MVA (25% av 5.990.000)	kr.	1 725 000,-
Prosjektering/byggeleing/rigg og drift	kr.	400 000,-
Redskapsbod, lager, kiosk	kr.	300 000,-
Tribune (f.eks 30m x 2-3 sittehøgder)	kr.	150 000,-
Utstyr til traktor for vedlikehald av bane:	kr.	150 000,-
Sum kostnad:	kr.	8 625 000,-

## Vedlegg 5:

### Driftsutgifter

Forventet driftsutgifter for ny kunstgressbane er anslått til:

Sladding av bane (1 gong i veka) med maskin	kr	40 000
Etterfylling av gummikuler og sand.	kr	10 000
Kontroll av kunstgresskjøter og fyllehøyde, samt reparasjon	kr	8 000
Lysanlegg (strømkostnader og vedlikehold)	kr	9 000
Drivstoff etc for traktor	kr	6 000
<hr/>		
Sum årlige driftsutgifter kunstgressbane	kr	73 000

### Finansiering av driftsutgifter

Finansiering av driftsutgifter er basert på frivillig dugnadsinnstas, sponsorer, andel driftsutgifter frå MIL og andel driftsutgifter dekket av Herøy Kommune. Vi har pr i dag et driftstilskudd for gressbanen på ca. kr 35000 fra HK. Vi ser for oss at dette tilskuddet også kan økes i tråd med avtalene som andre lag i kommunen har for sine kunstgressbaner. MIL har gjort godt arbeid på sponsorsida siste åra og skrevet 3 årsavtaler med sine sponsorer. Dette gir forutsigbar økonomi som sikrer drift av aktivitet og anlegg. Moltustranda Idrettslag har gjennom de senere år hatt opparbeid seg en sunn økonomi.

Vedlikehald		
Dugnad	kr	8 000
Sponsorpakkar	kr	15 000
Andel driftsutgifter frå MIL	kr	15 000
Andel driftsutgifter frå Herøy Kommune	kr	35 000
<hr/>		
Sum	kr	73 000

## Vedlegg 6:

Se vedlegg 2

### **Vedlegg 7:**

Redskapsbod/kiosk. Denne tiltenkt utbygd.



### **Vedlegg 8:**

Se vedlagt rapport om dagens baneforhold.

### **Vedlegg 9:**

Tidligere sendt søknad om kunstgressbane, datert 04.05.2012

### **Vedlegg 10:**

Svar på søknad datert 21.06.12



Befaring av Moltunstranda gressbane i forbindelse  
med sanddressing - 2012.

Vekstlaget består av feit myrjord som har  
dårlig vanngjennomtrenging, og holder på vannet  
i vekstlaget. Dreneringen under er sannsynleg  
tett eller noe, røtter etc. og tar ikke unna for  
vannet ved regnvar over flere dager, spesielt om  
høsten. Vekstlaget står mettet i vann. (Hengemyr.)  
Sand for å forbedre berøven i banen, drener, bedde  
gjennomlufting i toppen kan hjelpe en del gjennom  
sesongen.

Etter min mening bør no banen legges om.  
Ny drenerende masse under med drenering. Vekstlag  
blandes med 80% sand 0-4 mm fra sandtak.  
(Natursand) Mulig det vekstlaget som er i banen  
i dag kan brukes viss man tar av 10-12 cm  
av toppen, og bruker det som er nedli.  
Det må i så fall testes prøvet av det laget,  
og finne ut om det kan blandes med sand.  
Penger spart viss det kan brukes.

Bergen 5/6 - 2012

Eyvind Kopperud

# Søknad

Kunstgrasbane på Munkvoll stadion

KOLVEN

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2012/71	Saksbeh. AK
- 7 MAI 2012	
Ark. kode P 143	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr. 1
Kassasjon	

Til: Herøy kommune

Dato: 04.05.2012

Søklar: Moltustranda idrettslag (MIL)


MIL vil med dette komme med ønske om at ny kunstgrasbane på Munkvoll stadion vert teke med i idrett og friluftplanen. Munkvoll stadion har idag grasdekke. Denne er i svært dårleg forfatning, og vil kreve store og kostbare utbetringar i nær framtid. Vi ønskjer derfor å legge kunstgras på heile grasbana.

Med venleg helsing

Moltustranda Idrettslag



Maron Sandvik  
91817938  
Leiar



HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

Moltustranda IL

v/Maron Sandvik  
6076 MOLTUSTRANDA

Saksnr  
2012/71

Arkiv  
143

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
KUL / AK

Dato  
21.06.2012

## VEDK. SØKNAD OM KUNSTGRASBANE PÅ MUNKVOLL STADION

Viser til tlf. nyleg der de ber om tilbakemelding vedk. søknad om kunstgrasbane på Munkvoll stadion.

Vi forstår ut frå søknad og tlf. at de ynskjer å rehabilitere grasbana på Munkvoll stadion og legge kunstgras på den.

Administrasjonen i kommunen er meir usikker på om dette er rett prioritering for framtida. Det same signaliserer fylkeskulturavdelinga.

Vi i administrasjonen ynskjer å få til eit møte til hausten saman med dei andre idrettslaga i kommunen for å drøfte dei framtidige linene vi alle ynskjer å prioritere etter, og så få legge dette fram for politikarane.

Kanskje kan vi få fylket med på eit slikt møte også. Viktig å ha med dei, sidan det er dei som til slutt skal godkjenne søknadane.

Skal ein kunne søkje om førehandsgodkjenning av aktivitetsanlegg, i dette tilfelle ei fotballbane som vert å rekne under ordinær ordning, må prosjektet ligge inne i Handlingsplanen for ordinæranlegg. Det gjer ikkje dykkar anlegg heilt konkret. I handlingsplanen står det på 9. plass: "Rehabilitering av grusbana / løpebana" etter ein tidlegare søknad. Dette kan ikkje utan vidare overførast til grasbana, seier fylket.

Den planen vi prioriterer etter i dag, gjeld for 2011 – 2014. Anlegg som ligg foran dykkar anlegg som ikkje har fått spelemidlar er: Badeland, rehabilitering Bergsøy stadion, kunstgras Gurskøy IL- 7-arbane, klubbhus til BIL og tribune v/ Bergsøy stadion, Klubbhus til Tjørnvåg IL, og idrettshall v Einedalen skule. Fleire av desse anlegga er førehandsgodkjent og sette i gong. Fleire arbeidar med søknaden. Bergsøy stadion, rehabilitering til kunstgras og Gurskøy, 7-arbane kunstgras søkte sist vinter (15. jan.), men nådde ikkje opp. Dei søkjer igjen til vinteren, då saman med Badeland og klubbhus BIL.

Dersom det er prosjekt som av ulike grunnar kan vere formålstenleg å ta inn i handlingsplanen i gjeldane periode, så må vi i samråd med ordførar og rådmann ta ei politisk avklaring vedk. dette i eiga sak til kommunestyret. Handlingsplanen skal reviderast att i løpet av 2014 gjeldande for 2015 – 2018.

På generelt grunnlag kan eg ta med litt info i høve til søknadsprosedyrene:



I ein søknad om førehandsgodkjenning må det vere med fylgjande vedlegg:

1. Opplysningar om anlegget sin plass i den kommunale handlingsplanen.
2. Situasjonsplan i målestokk 1:1000 eller 1: 500
3. Behovsanalyse som forklarar behovet for anlegget.
4. Enkelt kostnadsoppsett i eige vedlegg
5. Førebels plan for finansiering og drift av anlegget i eige vedlegg.
6. Dokumentasjon av tilpassinga av anlegget til bygningar i nærleiken og karakterar i landskapet.
7. Eventuelle teikningar av hus eller bygningar som høyrer til anlegget / søknaden.

Enten de vel å bygge sjølve eller kommunen står ansvarleg for bygginga, så må de sende inn søknad om førehandsgodkjenning.

Skal kommunen stå som utbygger, må kommunen eige grunnen. Det kan gjerast ved ei overdraging eller leige av grunnen etter søknad til det politiske. Kommunen kan då event. bistå prosjektet med meirverdiavgifta. Det kan også søkjast om forskottering av spelemidlane sidan det er nokre år å vente på dei.

Med helsing

Andreas Kvalsund

Kopi:  
Jon Rune Våge  
Jarl Martin Møller



## 7 Prioritert handlingsprogram 2011 – 2014

### 7.1 Ordinære anlegg/rehabilitering og anlegg for friluftsliv 2011 – 2014

P	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak ORDINÆRE ANLEGG/ REHABILITERING	Ansvarleg	Invest. Kostnad i 1000	Driftsutg ift pr. år	Finansiering - Totalt			ANLEGGSSSTART				
					KMi	SpMi	PR	2011	2012	2013	2014	
												K.sak .....
1	Kunstras Tjørvåg m/lysanlegg	Kommunen/ Tjørvåg IL	4.000	75	800	1500	1.650	X				
2	25 meters symjebasseng og stupeavdeling/ rehabilitering Fritidsbadet	Kommunen/ Fritidsbadet	*160.000			13.000		X				
3	Bowlinghall knytt til Fritidsbadet	Kommunen / Fritidsbadet	*18.000			2.500		X				
4	Rehab grasbane på Bergsøy stadion	Kommunen/ BIL	*10.900	50	2.200	2.500	6.300	X				
5	Kunstras Gurskøy IL	Kommunen/ GIL	*3.200	35	650	950	1.900		X			
6	Klubblokale/ garderobes/ tribune v/kunstgrasbana	Kommunen/ BIL Fotball	*13.000		2.500	1.600	9.900		X			
7	Klubbhus/ reiskapshus Tjørvåg IL	Tjørvåg IL/ Kommunen	*4.000			700				X		
8	Idrettshall nye Leinøy skule / Einedalen skule	Kommunen	20.000			7.000				X		
9	Rehabilitering grusbane/ løpebane	Moldtustr IL/ Kommunen										X
10	Skisehall Hareid	Verparen Skeisegr./ regionalt										

X = oppstartår /byggestart

\* Dette er forebels tal då anlegga framleis er under planlegging

## 8 Langsiktig del

### 8.1 Upprioritert liste over langsiktige behov

Område type Anleggstype/stad, tilrettelegging og tiltak	Område-kategori Anleggskategori	Eigar/utbygger/ansvarleg	Anslått utbyggings -kostnad	Anslåtte driftsutgifter pr. år
Klatrevegg/ Klatrehall ved Kulturhuset		Kommunen		
Aktivitets- og badeplass i Klubben i Toftestøa		Kommunen, grendelag		
Turstiar i Herøy kommune- oppgradering		Kommunen, grendelag		
Tursti rundt Myklebustvatnet		Kommunen		
Fritidsakt. kyrkjekjellaren		Herøy Kyrkje		
Innandørshall for skateboard				
Gravrvøys/kultursti på Løseth		Herøy kommune		
Badeplassar. Registrering av behov for spes. tilrettelegging		Grunneig./ Herøy kom.		
Tursti rundt Djuvpikvatnet. Bade-, picnic- og leikeplass, benkar.		Grendelag		
Flytebryggje på Herøy gard		Kommunen/Herøy kystmus.		
Storhall i Myrvåg		Interkommunalt samarbeid		
Gang- og sykkelsti Voldsund – Sande 5 km.				
Gang- sykkelsti Igesund – Toftestøa				
Oppgradering av løpebane Munkvoll stadion		Moldtustranda IL		
Oppgradering garderober Moldtustranda Grendahus		Moldtustranda Grendahus		
Opprusting av Sætrevegen og Skaravegen, Tjørvåg / Sandvika		Sandvika Vel		
Auke kunstgrasbanekapasiteten for Ytre Herøy. Alt.: Heidbana		Kommunen/ BIL		
Fotballhall 70 x 40m		Kommunen/ BIL		
Tjørvåg aktivitetspark		Tjørvåg IL		
Hall i Tjørvåg 50 X 60m				
<b>NÆRMILJØANLEGG</b>				
Uteområdet ved Myrvåg skule		Myrvåg		

## Foreløpig finansieringsplan for oppgradering av grasbane til Kunstgrasbane på Munkvoll stadion:

<b>Finansieringsplan</b>	
Dugnad	kr 300 000,00
RDA ,Midlar	kr 3 000 000,00
Spelemidler	kr 2 500 000,00
Moltustranda IL	kr 1 100 000,00
MVA. Refusjon	kr 1 725 000,00
Sum	kr 8 625 000,00

### Difting av anlegg, Sjå Vedlegg 5

Munkvoll Stadion er eigd av Moltustranda IL (MIL) og er pr i dag. drifta av MIL, med ei slik oppgradering ser vil det være naturleg at Herøy Kommune tek over drifta.

Det eksistera pr. i dag ikkje nokon avtale med MIL om vedlikehald av anlegga ved Munkvoll stadion, (Vi får pr. i dag tilskot for drift på kr 36000.- pr år.) ved oppgradering til kunstgras vil det vere naturleg å utarbeide ein vedlikehaldsavtale.

# 1 Prioritert handlingsprogram 2011 – 2014 Justert febr. 2013

## 1.1 Ordinære anlegg/rehabilitering og anlegg for friluftsliv 2011 – 2014

K.sak 182/10 den 16.12.2010

P	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak <b>ORDINÆRE ANLEGG/ REHABILITERING</b>	Ansvarleg	Invest. Kostnad i 1000	Driftsutg ift pr. år	Finansiering - Totalt			ANLEGGSSSTART					
					KMi	SpMi	PR	2011	2012	2013	2014		
												800	1500
1	Kunstras Tjørvåg m/lysanlegg	Kommunen/ Tjørvåg IL	4.000	75				X					
2	25 meters symjebasseng og stupeavdeling/ rehabilitering Fritidsbadet	Kommunen/ Fritidsbadet	*160.000				13.000	X					
3	Bowlinghall knytt til Fritidsbadet	Kommunen / Fritidsbadet	*18.000				2.500	X					
4	Rehab grasbane på Bergsøy stadion	Kommunen/ BIL	*10.900	50			2.200	2.500	6.300	X			
5	Kunstras Gurskøy IL	Kommunen/ GIL	*3.200	35			650	950	1.900		X		
6	Klubblokale/ garderobe/ tribune v/kunstgrasbana	Kommunen/ BIL Fotball	*13.000				2.500	1.600	9.900		X		
7	Klubbhus/ reiskapshus Tjørvåg IL	Tjørvåg IL/ Kommunen	*4.000					700				X	
8	Idrettshall nye Leinøy skule / Einedalen skule	Kommunen	*20.000					7.000				X	
9	Rehabilitering grusbane/ løpebane	Moldustr IL/ Kommunen											X
	Heid Turløype 1. byggesteg	BIL/Kommunen	903				220	450	370			X	
	Heid Turløype 2. byggesteg	BIL/ Kommunen	850				220	420	370			X	
	Heid Turløype 3. byggesteg	BIL/ Kommunen	*900				220	450	270			X	

X = oppstartår /byggestart

\* Kostnadsberekningane er estimerte



## 1.2 Handlingsprogram for nærmiljøanlegg

P	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak	Ansvarleg	Invest. kostnad	Driftsutg ift pr. år	Finansiering - Totalt			ANLEGGSSSTART				
					KM	SpMi	PR	2011	2012	2013	2014	
1	Ballbinge Røyra	Røyra Vel/ Kommunen	500			200	200		X			
3	Ballbinge Bergsøy skule	Kommunen	500			300	200	200	X			
5	Ballbinge Nerlandsøy	Kommunen/ grendelag/FAU	500			110	200	190		X		
6	Stokksund skule - sandvolleyball	Kommunen/FAU/ grendelag								X		
7	Ballbinge – Bø skule	Kommunen/ grendelag									X	
8	Nytt opplag/ ny utgåve av turkart for Søre Sunnmøre	Samarb. mellom Sande, Hareid, Ulstein og Herøy	400								X	
9	Badeplass/ akt/ veg Nautøy	Kommunen/ grendelag										X
10	Ballbinge/ aktivitetsfelt Fosnavåg sentrum/ Huldal	Kommunen/ grendelag										X
11	Aktivitetspark Tjørnvåg IL	Tjørnvåg IL	2,6 mill									

X= planlagt oppstartår



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre landbrukskontor

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JANBER	Arkivsaknr:	2013/1327
		Arkiv:	K46

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
93/13	Komite for næring, kultur og idrett	02.12.2013
	Kommunestyret	12.12.2013

### OPPLØYSING AV SØRE SUNNMØRE HJORTEVILTUTVAL

#### Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommune går inn for å avvikle Søre Sunnmøre Hjorteviltutval.

#### Grunngjeving:

Då styret i SSHU sjølv har kome med framlegg om å avvikle utvalet, og ein finn at grunngjevinga for ynsket om avvikling er rimeleg, ser ein ikkje grunn for å motsette seg oppløysing av SSHU.

Særutskrift:

## Vedlegg:

- 1 Møtereferat frå Søre Sunnmøre Hjorteviltutval, 26.06.2013
- 2 Saksframlegg sak 15 Framtida til SSHU
- 3 Vedtekter for Søre Sunnmøre Hjorteviltutval

### Saksopplysningar:

I møte 26.06.2013 gjorde styret i Søre Sunnmøre Hjorteviltutval (SSHU) vedtak om å legge ned utvalet, med bakgrunn i at utvalet har gjort mykje av arbeidet som utvalet hadde som mål å gjere, samt at endringar i politisk struktur og arbeidsmengde for administrasjonen talar for at ein bør avvike utvalet. Nemnd for vilt, fiske og friluft har tilrådd avviklinga av utvalet gjennom vedtak i sak 31/13.

### Historia til utvalet

SSHU vart skipa under skipingsmøte på rådhuset i Herøy 30.09.1998. Styret i utvalet har bestått av ein politisk representant, som er medlem av viltnemnda, frå kvar av kommunane: Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta. I tillegg har det vore praksis at sakshandsamar på viltforvaltning i kvar av kommunane har vore tilstade på møta.

Føremålet med utvalet har vore (jmf. SSHU sine vedtekter punkt 1):

*"Hjorteviltutvalet skal vere eit rådgjevande organ i forvaltning av storvilt med hovudoppgåve og arbeide for ei felles hjorteviltforvaltning av fagleg høg standard, der hjorteviltet vert sett på som ein regional ressurs. Utvalet skal og kunne ta opp andre viltforvaltningssaker av regional karakter og interesse. Medlemskommunane kan legge praktiske viltforvaltningssaker av interkommunal karakter til utvalet."*

Eit av hovudaktivitetane til SSHU var eit merkeprosjekt der ein merka om lag 70 hjort i dei sju kommunane. Ein skulle på bakgrunn av observasjonar av dyra få samla informasjon om trekkrutene til hjorten i regionen. Prosjektet er ikkje slutført, då det var uavklarte forhold rundt kven som hadde ansvar for analyse av datamaterialet og utarbeiding av sluttrapporten. Hjorteviltutvalet har også halde fleire store arrangement om hjort og jakt, som har vore ope for alle i dei sju kommunane. Det siste arrangementet var halde i Ulsteinvik i 2011. På denne fagdagen lærte ein mellom anna om partering og slakting. Slike arrangement har vore særleg populære i jegermiljøa og hatt stor oppslutning. Sidan utvalet var oppretta har det vore gjennomført vårteljing av hjort på innmark to netter kvar vår. Dette datamaterialet vert brukt saman med andre data til å sjå på bestandsutviklinga for hjorten i regionen.

### Avgjerslegrunnlag

Saka vart teke opp på bakgrunn av diskusjon i møte i SSHU i mars 2013. Det vart i saksframlegget skissert fleire moglege alternativ for vegen vidare for utvalet. Det går fram av sakframlegget til møte i SSHU og frå referatet frå møte, at det var fleire argument både for og mot oppløysing av utvalet.

## Argument mot oppløysing av utvalet

- Både representantar frå kommuneadministrasjonen og dei politiske representantane understrekar at det er heilt klart ynskjeleg å halde fram med eit samarbeid i regionen der ein har høve til å utveksle kunnskap og erfaringar.
- I det reviderte lovverket for hjorteviltforvaltning frå 2012 og i nasjonale føringar, er samarbeid på tvers av kommunegrensar og over mykje større areal enn i dag, peika på som viktig. Sett i lys av dette er eit etablert interkommunalt forum særst nyttig.
- SSHU har ressursar som gjer det mogleg å halde store arrangement som t.d. fagdagar om hjort. Utan utvalet er det mogleg at regionen vert utan slike arrangement.
- SSHU har organisert vårteljningane av hjort, og det er viktig å halde fram med desse.

## Argument for oppløysing av utvalet

- Eit ambulerande sekretariat, slik vedtektene tilseier, er særst tungvindt og gjev liten kontinuitet.
- Dei seinare år har i praksis utvalet vore drifta av den einskilde kommunale sakshandsamaren i den kommunen som har sekretariatet. Dette er ikkje i samsvar med vedtektene. Frå alle medlemskommunane har det i tillegg kome klare signal om administrasjonen korkje har ressursar til å stå for drift av utvalet, eller å ha ansvar for sekretariatet.
- Dei siste åra har utvalet hatt liten aktivitet. Slik som utvalet fungerer i dag, kan ein få utretta dei same funksjonane utan eit utval som krev sekretariat, rekneskap osv.
- Endringar innan hjorteviltforvaltninga gjer at utvalet har ei samansetting som er mindre føremålsteleg enn før. I tillegg vil politiske endringar der dei tradisjonelle viltnemndene forsvinn kunne føre til at den kompetansen som utvalet skal ha vert svekka.

Etter vurdering av argumenta og ei omfattande drøfting fatta styret i SSHU følgjande vedtak:

*”Vedtak:*

*Styret i Søre Sunnmøre Hjorteviltutval stemmer for å legge ned utvalet. Midlane og egedelane til utvalet bindast for 5 år med høve til etablering av nytt utval. Viss det ikkje vert etablert eit nytt utval innan 5 år vert midlane delt likt på medlemskommunane ved oppløysingstidspunktet.*

*Grunngjeving:*

*Styret meiner at utvalet har gjort eit godt arbeid. Endringar i den politiske strukturen på viltforvaltning og økt arbeidsmengde for administrasjonen gjer at utvalet bør avviklast.*

*Stemmegeving:*

*Samrøystes ”*

Oppløysing av utvalet:

Som det går fram av vedtaket i SSHU, og vedtektene til utvalet, vil ein ved oppløysing fryse utvalet sine midlar for 5 år i påvente av etablering av eit nytt utval. Om slik nyetablering uteblir vert midlane delt mellom kommunane.

Ei oppløysing av SSHU krev eit vedtak frå kommunestyret i kvar enkelt kommune med 2/3 fleirtal for oppløysinga (jf. Vedtekter for SSHU, punkt 7).

**Vurdering og konklusjon:**

Styret i SSHU har gjort vedtak om å leggje ned utvalet basert på at utvalet har utført mykje av jobben dei var skipa for å gjere. Vidare tilseier endringar i hjortevaltforvaltinga og den politiske strukturen, samt arbeidsmengda som fell på kommuneadministrasjonen at ein bør avvikle utvalet.

Fosnavåg, 08.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Anne Kathrine Løberg  
Landbrukssjef

Sakshandsamar: Janne Olaug Bareksten

# **SØRE SUNNMØRE HJORTEVILTUTVAL**

Eit samarbeidsutval i viltforvaltninga for kommunane

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

## **Møtereferat frå styremøte i Søre Sunnmøre Hjorteviltutval**

Dato: 26.06.2013

Tid: Kl 17.05 – 18.10

Stad: Søre Sunnmøre Landbrukskontor i Herøy

Tilstades: Hans Ole Låbakk, Ulstein kommune, leiar  
Sigurd Nygard, Herøy kommune, nestleiar  
Else-Beate Barstad, Ørsta kommune  
Bjarte Rovde, Sande kommune

Liv-Bente Viddal, sekretær Ørsta kommune  
Kristin Wadsten, sekretær Sande kommune  
Terje Kolstad, sekretær Vanylven kommune  
Janne Bareksten, Herøy, Ulstein og Hareid  
Anne Kathrine Løberg, sekretær Herøy, Ulstein og Hareid kommunar

Forfall: Mona Stenersen og Øystein Blom, Vanylven kommune  
Annika Brandal og Siv Marit Røyset Kaldhol, Hareid kommune

Volda kommune har pr dato ingen representant

### **Sak 13: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Møteinnkalling av sakliste vart godkjend.

### **Sak 14: Godkjenning av referat frå møta 12.03.2013**

Møtereferat frå 12.03.2013 vart godkjend.

### **Sak 15: Framtida til Søre Sunnmøre Hjorteviltutval**

Politisk valde frå Herøy, Ulstein og Sande har synspunkt på at utvalet bør halde fram. Medlem frå Ørsta kommune meiner vi kan ha samarbeidd om hjorteforvaltning sjølv om vi ikkje har SSHU. Gjennom tida har strukturen på viltforvaltning og viltnemnder endra seg i dei sju kommunane. Administrasjonen i Vanylven, Ørsta, Volda, Sande og SSL seier at dei ikkje har ressursar til å ta sekretariatet framover i den forma det har i dag.

Drøftinga vidare var om utvalet har gjort jobben og at det er tid for å ta ei pause.

## SØRE SUNNMØRE HJORTEVILTUTVAL

Eit samarbeidsutval i viltforvaltinga for kommunane

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

### Vedtak:

Styret i Søre Sunnmøre Hjorteviltutval stemmer for å legge ned utvalet. Midlane og eigedelane til utvalet bindast for 5 år med høve til etablering av nytt utval. Viss det ikkje vert etablert nytt utval innan 5 år vert midlane delt likt på medlemskommunane ved oppløysingstidspunktet.

### Grunngjeving:

Styret meiner utvalet har gjort eit godt arbeid. Endring i den politiske strukturen på viltforvalting og økt arbeidsmengde for administrasjonane gjer at utvalet bør avviklast.

### Stemmegjeving:

Samrøystes.

### Eventuelt

Det vart orientert om status i slutføring av hjortemerkeprosjektet. SSL tek ansvar for å følgje arbeidet med sluttrapporten uavhenging av om utvalet held fram.

26.06.2013

Hans Ole Låbakk

leiar



Sigurd Nygard

Herøy kommune



Else-Beate Barstad

Ørsta kommune



Bjarte Rovde

Sande kommune



Anne Kathrine Løberg  
sekretær

# Framtida til Søre Sunnmøre Hjorteviltutval

## *Samandrag av saka:*

### BAKGRUNN

Siste møte i SSHU vart halde 21.03.2013. Under møtet vart det stilt spørsmål til nytta av utvalet, og om utvalet fungerer i samsvar med føremålet. Dette vart handsama som eiga sak, sak 12 Vegen vidare for SSHU. I møtereferatet står det:

*” Det kom innspel på om vi har bruk for utvalet, om utvalet skal ha ei anna form og om vi jobbar etter føremålet.*

*Utvalet var samde om å sette saka opp på neste møte. Leiar og sekretær førebur alternativ med tanke på endring i vedtektene, eventuell anna samansetting, men med mål om forenkling og mindre formalitetar. Utvalet var samde i at det er viktig med god kommunikasjon på tvers av kommunegrensene om hjort og hjorteforvaltning og at utvalet slik sett har ein misjon.”*

### FØREMÅLET MED UTVALET

Jamført vedtektene, punkt 2, er føremålet med SSHU:

*”Hjorteviltutvalet skal vere eit rådgjevande organ i forvaltning av storvilt hovudoppgåve og arbeide for ei felles hjorteviltforvaltning av fagleg høg standard, der hjorteviltet vert sett på som ein regional ressurs. Utvalet skal og kunne ta opp andre viltforvaltningssaker av regional karakter og interesse. Medlemskommunane kan legge praktiske viltforvaltningssaker av interkommunal karakter til utvalet”*

Ut frå nasjonale føringar er forvaltingsplanar og bestandsplanar på tvers av kommunegrensene den utviklinga ein ynskjer innan hjorteviltforvaltninga. I samband med dette er eit interkommunalt forum særst nyttig. Men i ein slik samanheng vil ei anna samansetting av utvalet vere meir føremålsteneleg, til dømes eit utval med fleire aktørar som administrasjonen i kommunane, valdsansvarlege osv. Det kan også vere viktig for administrasjonen i kommunane å ha utveksling og diskusjon, då fylkeskommunen bidreg lite mot diskusjonsforum for hjorteviltforvaltninga.

Utvalet skal jobbe for ei felles hjorteviltforvaltning. Det er vanskeleg å gje ei vurdering av om utvalet fungerer i samsvar med dette føremålet. Dei ulike kommunane har i dag ulike måtar å forvalte hjorteviltet på, t.d. er grunneigarane si involvering ulik. Det ein kjenner til så er det lite samarbeid mellom kommunane om felles hjorteviltforvaltning i dag, i alle fall på administrasjonsnivå.

På nyåret i 2013 hadde både Sande, Ulstein og Herøy utarbeidd høyringsframlegg til forvaltingsplanar som skulle ha vore drøfta i SSHU, men det vart ikkje halde møte som gjorde at dette let seg gjere. Ei drøfting av denne typen saker vil naturleg falle inn under føremålet med utvalet. Det er difor beklageleg at låg aktivitet i utvalet gjer at sjølv ikkje slike saker vert handsama.



### AKTIVITET I SSHU

Med unntak av i 2011 då det vart halde fire møte i SSHU i samband med organisering av "Fagdag for hjort", har SSHU hatt eit eller to møter kvart år.

Eit av dei klare fordelane med SSHU er at det økonomiske midlar til å kunne organisere og gjennomføre større arrangement/prosjekt relatert til hjorteforvaltning. Dette er noko som det for ein enkelt kommune kan vere vanskeleg å ta på seg. SSHU har mellom anna vore involvert i følgjande prosjekt/arrangement:

12.02.2011	Fagdag om hjort
2006-2009	Vinterbeitekartlegging
17.03.2007	Jus og hjort
27.06.2005	Temamøte hjorteforvaltning
1999-	Hjortemerkeprosjekt
Ferdig 2010	Viltovergang i Furene

### STYRET

Styret i SSHU skal bestå av ein representant frå viltnemnda i kvar kommune (jmf. Punkt 1 i vedtektene). Oppgåvene til styret er gjeve i vedtektene sitt punkt 3:

*"Styret skal:*

*Arbeide for å løyse oppgåvene ut frå vedtekne føremål og arbeidsprogram.*

*Stå for den administrative og økonomiske drifta av utval innanfor vedtekne budsjettammer. Leiari, saman med to styremedlemmer forpliktar utvalet med sine underskrifter. Styret kan gje fullmakter.*

*Styret skal sørge for at det vert ført rekneskap og møteprotokoll.*

*Ved likt røystetal i styret har leiaren dobbeltrøyst.*

*Styret skal legge fram årsmelding og rekneskap for godkjenning i medlemskommunane."*

Desse vedtektene legg ansvaret for aktiviteten i utvalet hos medlemma i styret. Dette er i liten grad situasjonen i dag. Aktiviteten i utvalet har dei siste år vore sterkt avhengig av sekretariatet. Det finst heller ikkje eit arbeidsprogram for utvalet som viser kva saker utvalet skal jobbe for.

### SEKRETARIAT

Sekretariat, med økonomistyring, møteinnkallingar, protokollføring, skriving av årsmelding og sakshandsaming, har ligge hos administrasjonen i den einskilde kommunen. Då sekretariatet er ambulerande vil ein i praksis ha nytt sekretariat kvart andre år. Dette medfører skifte av bank, sakshandsamar og liknande særst ofte, og ordninga er difor arbeidskrevjande. Erfaringane frå siste store arrangement, Fagdag om hjort i 2011, var at dette også kravde stor innsats frå administrasjonen i kommunen som sat med sekretariatet.

Under diskusjonen i møtet 21.03.2013 kom det mellom anna fram at administrasjonen i fleire av kommunane ikkje har kapasitet til å ta på seg sekretariatet ved neste skifte av kommune. Då sekretariat i SSHU ikkje er ei lovpålagt oppgåve er det naturleg at dette ikkje vert prioritert. Dette vil kanskje bety at det ikkje vert nokon aktivitet i SSHU i komande år om ikkje medlemma i styret har ei meir aktiv rolle og sekretariatet vert lagt til andre enn kommuneadministrasjonen.

I vedtektene er det noko uklart korleis sekretariatfunksjonen skal vere. Jamført punkt 3 i vedtektene er administrering av utvalet og sekretariat styret si oppgåve:

*”Styret skal:*

*Stå for den administrative og økonomiske drifta av utval innanfor vedtekne budsjettammer. Leiar, saman med to styremedlemmer forpliktar utvalet med sine underskrifter. Styret kan gje fullmakter.*

*Styret skal sørge for at det vert ført rekneskap og møteprotokoll.*

*Styret skal legge fram årsmelding og rekneskap for godkjenning i medlemskommunane.”*

Punkt 4 i vedtektene tilseier at styret skal oppnemne personar og komitear til sakshandsaming innanfor rammer gjeve av styret. Det heiter vidare at sekretariatet skal vere ambulerande og ligg hos kommunen som har leiarvervet. I tillegg vert det gjeve rom for at ein kan vurdere tilsetting av sekretær. Utgiftene til dette skal verte dekkja av prosjektbudsjettet. I punkt 5 i vedtektene går det fram at rekneskap og revisjon skal verte utført av kommunen som har sekretariatet.

I praksis har alle desse oppgåvene vore utført av den einskilde sakshandsamar på viltforvaltning i kommunen, på trass av at kommuneadministrasjonen ikkje er gjeve særskilde oppgåver i vedtektene.

## **Oppsummering og vurdering:**

Med tanke på eit større fokus på interkommunalt samarbeid og behov for eit forum for utveksling av kunnskap og erfaringar om hjorteviltforvaltning er SSHU viktig. SSHU har også hatt ei sentral rolle i å arrangere større hendingar og sette i gong prosjekt som er for store til at ein einskild kommune kan ta på seg ansvaret.

I dei seinare år har ansvaret for aktiviteten i utvalet, samt dei andre oppgåvene som er skildra i vedtektene lege hos den einskilde kommunen sin sakshandsamar på viltforvaltning. Dette er ikkje i samsvar med oppgåvedelinga slik det går fram i vedtektene. Det er kome heilt klare signal om at kommuneadministrasjonen i fleire av kommunane, at ein ikkje har ressursar til å ta på seg sekretariatet ved neste skifte av leiar. Eit ambulerande sekretariat er dessutan arbeidskrevjande og gjer at det vert lite kontinuitet.

Det er heilt klart ynskjeleg å halde fram med eit samarbeid i regionen, der både politikarar og kommuneadministrasjon kan møtast for å utveksle kunnskap og erfaringar. Likeeins er det viktig å halde fram med vårteljingane etter same mønster som før. Dette krev ikkje eit utval med ei slik form som i dag, og kan gjerne skje gjennom eit meir uformelt samarbeid.

Det er fleire moglege alternativ til vegen vidare for SSHU. Her vert det skissert dei to alternativa som vert rekna for mest aktuelle:

Framtida til SSHU – vedlegg 2 i møte 26.06.2013

*Alternativ 1*

SSHU held fram under dei vedtektene som føreligg per i dag, men med eit styre som tek på seg alle dei oppgåvene som er skildra i vedtektene. Dette betyr at hovudansvaret for all aktivitet i utvalet ligg hos leiar og styremedlemma. Dei må vedta eit arbeidsprogram, finne sakshandsamarar og arbeidsgrupper, stå for økonomistyringa og ta ansvaret for sekretariatfunksjonen.

*Alternativ 2*

Ein avviklar SHHU. Dette krev eit 2/3 fleirtal i styret, før saka vert sendt vidare til dei einskilde kommunane som må vedta avvikling med same fleirtal. Midlane til utvalet vil då verte bunde i 5 år i påvente av oppstart av eit nytt utval. Skjer ikkje dette vert midlane delt mellom kommunane.

Hans-Ole Låbakk /s  
Leiar

  
Janne Bareksten og Anne Kathrine Løberg  
Søre Sunnmøre Landbrukskontor

# SØRE SUNNMØRE HJORTEVILTUTVAL

Eit samarbeidsutval i viltforvaltinga for kommunane

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

## VEDTEKTER FOR DET INTERKOMMUNALE HJORTEVILTUTVALET FOR SØRE SUNNMØRE

Framlegg til vedtekter av 18.06.1997 og vedtekne av medlemskommunane utan endring. Vedtektene er endra i årsmøte 14.03.2011 og seinare stadfesta av medlemskommunane.

### 1. MEDLEMER

Det interkommunale hjorteviltutvalet for Søre Sunnmøre er eit samarbeidsorgan for storviltforvaltning for kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta i Møre og Romsdal. Kvar kommune oppnemnar ein representant med personleg varamann frå kvar viltneemd/ naturforvaltningsutval som medlemmer i utvalet. Overordna viltforvaltningsorgan på regional og sentralt nivå kan møte som konsultative medlemmer i utvalet. Deler av ein kommune, privatpersonar eller organisasjonar kan ikkje stå som medlemmer i utvalet. Opptak av nye medlemskommunar må godkjennast av eit samla styre.

### 2. FØREMÅL

Hjorteviltutvalet skal vere eit rådgjevande organ i forvaltning av storvilt med hovudoppgåve og arbeide for ei felles hjorteviltforvaltning av fagleg høg standard, der hjorteviltet vert sett på som ein regional ressurs. Utvalet skal og kunne ta opp andre viltforvaltningssaker av regional karakter og interesse. Medlemskommunane kan legge praktiske viltforvaltningssaker av interkommunal karakter til utvalet.

### 3. STYRET

Dei oppnemnde representantane frå medlemskommunane utgjer styret, og valet følgjer den kommunale valperioden. Styret konstituerer seg sjølv ved val av leiar og nestleiar for 2 år om gangen. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Innan styret kan det oppnemnast eit arbeidsutval som er samansett av leiar og to andre representantar. Arbeidsutvalet kan ikkje fatte bindande vedtak med mindre styret har gjeve fullmakt til dette.

Styret skal:

- a. Arbeide for å løyse oppgåvene ut frå vedtekne føremål og arbeidsprogram.
- b. Stå for den administrative og økonomiske drifta av utval innanfor vedtekne budsjetttrammer. Leiar, saman med to styremedlemmer forpliktar utvalet med sine underskrifter. Styret kan gje fullmakter.
- c. Styret skal sørge for at det vert ført rekneskap og møteprotokoll.
- d. Ved likt røystetal i styret har leiaren dobbeltrøyst.
- e. Styret skal legge fram årsmelding og rekneskap for godkjenning i medlemskommunane.

## SØRE SUNNMØRE HJORTEVILTUTVAL

Eit samarbeidsutval i viltforvaltinga for kommunane

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

### 4. UTVAL, KOMITEAR OG ADMINISTRASJON

Styret kan oppnemne komitear og personar til å handsame enkeltsaker innanfor rammer gitt av styret. Sekretariatet ambulerer mellom medlemskommunane og vert lagt (bør leggest?) til den kommunen som til ei kvar tid har leiarvervet. I periodar med stort arbeidspress, t.d. i samband med prosjektarbeid/ spesielle oppgåver er det grunnlag for å vurdere tilsetjing av eigen sekretær. Slike ekstra sekretærutgifter bør inkluderast i vedkomande prosjektbudsjett.

### 5. ØKONOMI

For verksemda i utvalet skal det setjast opp og godkjennast eit årleg budsjett som er finansiert gjennom medlemskontingent, tilskot og andre inntekter.

Medlemskontingenten har ein lik grunnkontingent pr kommune på kr. 3 000,- årleg og ei avgift på kr 10,- pr felte dyr pr år. Avgifta pr felte dyr vert utrekna på grunnlag av førre års felling. Vedtak om å auke kontingentsatsane ut over indeksregulering må godkjennast av alle medlemskommunane. Det skal førast eige rekneskap som vert lagt til sekretariatskommunen med tilhøyrande revisjon. Møtegodtgjersler og reiseutgifter for utvalsmedlemene vert dekte av den einskilde kommune. For å dekke utgifter til spesielle behov som krev midlar ut over det budsjetterte, må det søkast ekstraløyving frå medlemskommunane.

### 6. ENDRINGAR AV VEDTEKTENE

Framlegg til endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal i styret for å kunne leggest fram for medlemskommunane for godkjenning. Medlemskommunane har 6 vekers handsamingsfrist, og dersom ingen av kommunane har gått imot endringane innan fristen, er vedtektsendringane godkjende.

### 7. UTMELDING AV OG EVENTUELL OPPLØYSING AV UTVALET

Etter gyldig kommunestyrevedtak kan ein medlemskommune fritt melde seg ut av utvalet så snart inneverande års kontingent er betalt. Ein medlemskommune som går ut, har ikkje krav på nokon av utvalet sine eigendelar.

Framlegg om oppløysing av utvalet krev 2/3 fleirtal i styret for det kan leggest fram for og godkjennast av medlemskommunane med tilsvarande fleirtal. Ved oppløysing av utvalet skal eigendelar og midlar bindast for 5 år med høve til etablering av nytt utval. Dersom det ikkje vert etablert mytt utval innan 5 år, vert midlane delte likt på medlemskommunane ved oppløysingstidspunktet.

### 8. IKRAFTSETJING

Desse vedtektene trer i kraft når vedtak er gjort i alle kommunane.



Assisterande rådmann

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/1349
		Arkiv:	243

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
94/13	Komite for næring, kultur og idrett	02.12.2013

### **SØKNAD OM MIDLAR FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND. MOLDSKRED RENOVASJON AS**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot frå det kommunale næringsfondet til Moldskred Renovasjon AS til marknadsføring av Supersuger, med inntil halvparten av dei kostnadene eks. mva som går inn i støttegrunnlaget, inntil 150.000 kr i samsvar med søknad og prosjektskildring.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2014. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

## Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

## Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

## **Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.**

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.»

## Særutskrift:

- Moldskred Renovasjon AS, Tjørvåg, 6070 Tjørvåg
- Assisterande rådmann
- Økonomiavdelinga

## **Vedlegg:**

- Søknad med vedlegg.

## **Saksopplysningar:**

Moldskred Renovasjon AS søker om 150 000 kr i støtte til marknadsføring av Supersuger.

Grunnlaget for tildeling av midlar frå næringsfondet er retningsliner frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 05.03.2013, tildelingsbrev frå Møre og Romsdal fylke datert 08.04.2013 og ANS- sak 3/08.

Forhold som må vurderast i tilknytning til nemnde retningsliner er mellom anna om eit tilskot til bedrifta er utløysande for tiltaket og om tilskot vil kunne oppfattast som urettmessig konkurransevridande i høve til andre verksemder i same eller samanliknbare bransjar. Vidare viser fylket til at bedriftsretta støtte, der det samla kapitalbehovet overstig kr 300.000,-, bør visast til Innovasjon Norge for behandling. Støtte skal ikkje utgjere meir enn halvparten av dei kostnadene som er rekna inn i støttegrunnlaget. Dette betyr at normalgrensa for tilskot ikkje bør overstige kr 150.000,-. For verksemder som får refundert moms, skal støttegrunnlaget reknast av **kostnaden utan moms**.

I ANS-sak 3/08 vart det gjort slikt vedtak i pkt. 3:

*”Når det gjeld spørsmål om konkurranseforhold i høve til alt etablerte verksemder så skal dette vurderast i høve til det geografiske området der den nye verksemda er forventa å ha storparten av kundemassen sin og det skal også takast omsyn til om dagens tilbod innan ein aktuell bransje er basert på monopol eller monopolliknande tilstand.”*

## **Vurdering og konklusjon:**

Eg legg til grunn at tilskot til Moldskred Renovasjon AS til marknadsføring av Supersuger ikkje er i strid med regelverket for kommunale næringsfond og rår til at det vert gitt eit tilskot på inntil halvparten av dei kostnadene som går inn i støttegrunnlaget, kostnadsrekna til inntil 150.000 kr.

## **Konsekvensar for folkehelse:**

Ingen konsekvens.

## **Konsekvensar for beredskap:**

Ingen konsekvens.

## **Konsekvensar for drift:**

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 26.11.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2013-0039	<b>Søknadsår</b>	2013	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
<b>Prosjektnavn</b>	Markedsstøtte Supersuger Amphitec Supersuger			

### Kort beskrivelse

Støtte til markedsføring av Supersuger

### Prosjektbeskrivelse

Markedsføring av Supersuger mot følgende markedssegment:

- Suging av leire og flis
- Rensking av kabelgater og kulverter uten å skade sårbare installasjoner
- Rengjøring av maskiner og installasjoner som ikke tåler vann. Fjerning av støv og smuss.
- Blåsing av masser som singel, grus, leca og lignende
- Filtermasser (sand/kull etc.)
- Oppsuging av forurensende masser.
- Fjerning av stubbloft
- Rengjøring og suging av slam i tuneller og sjakter
- Mudringsarbeid
- Avdekking/tildekking av rør og kabler
- Suging av mud/slop
- Gravejobber hvor det ikke er mulig å komme til med gravemaskin, suging/blåsing av singel, sand og lignende
- Fjerning/legging av taksingel/kulestein
- Suging av isolasjon, kis, glassvatt og steinull
- Suging av gjødsel
- Suging av beting/semment, ved brudd i forskaling og lignende
- Skade begrenning etter oljelekkasjer og lignende

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Moldskred Renovasjon AS Org.nr:986814353	Tjørvåg 6070 TJØRVÅG	47169730
<b>Kontakt- person</b>	Lars Ivar Moldskred	Tjørvåg 6070 TJØRVÅG	47169730
<b>Prosjekt- leder</b>	Lars Ivar Moldskred	Tjørvåg 6070 TJØRVÅG	47169730

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Nei

## **Spesifikasjon**

### **Bakgrunn**

Viser til vedlagte skriv av 31. okt. 2013 fra Moldskred Regnskapskontor, hvor både bakgrunn for prosjektet og prosjektmål er behandlet.

### **Prosjektmål**

Viser til vedlagte skriv av 31. okt. 2013 fra Moldskred Regnskapskontor, hvor både bakgrunn for prosjektet og prosjektmål er behandlet.

### **Forankring**

Viser til vedlagte skriv av 31.10.2013 fra Moldskred Regnskapskontor AS

### **Prosjektorganisering**

Viser til vedlagte skriv av 31. okt. 2013 fra Moldskred Regnskapskontor, hvor både bakgrunn for prosjektet og prosjektmål mm er behandlet.

### **Samarbeidspartnere**

Selskapet har ikke samarbeidspartnere i prosjektet

### **Aktiviteter**

Viser til vedlagte skriv av 31. okt. 2013 fra Moldskred Regnskapskontor, hvor dette er behandlet.

### **Målgrupper**

Statens vegvesen, statlige, fylkeskommunale og kommunale etater innen bygg og anlegg, oppdrettsnæringen, alle typer industribedrifter, bygg- og anleggsvirksomheter, jordbruks- og fiskerivirksomheter mm.

### **Resultat**

Vi forventer at økt markedsføring som beskrevet i vedlagte skriv av 31.10.2013 fra Moldskred Regnskapskontor AS vil gi økt respons i markedet for de tjenester som vi kan utføre ved hjelp av Supersugeren.

### **Effekter**

Økt salg og økt inntjening. Det er vanskelig å konkretisere i beløp hvor meget dette vil medføre i økt inntjening, men de tjenester som vi kan utføre med Supersugeren, er nye tjenester for oss, og vi må delvis inn på nye markeder både lokalt og regionalt. Vårt marked som tidligere begrenset seg til Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, vil nå kunne omfatte det meste av Sør-Norge samt deler av Trøndelag.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Selskapet planlegger at markedsføringsplanen skal være gjennomført innen utgangen av 1. kv. 2014.

### **Kostnadsplan**

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Iflg. vedlegg	100 000	200 000				300 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>100 000</b>	<b>200 000</b>				<b>300 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Egen finansiering	50 000	100 000				150 000
Herøy kommune	50 000	100 000				150 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>100 000</b>	<b>200 000</b>				<b>300 000</b>

## Geografi

1500-Møre og Romsdal

**Vedleggsliste**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Moldskred Renovasjon AS, søknad og RDA-midler.pdf	108 301	08.11.2013

**MOLDSKRED**  
MOLDSKRED REGNSKAPSKONTOR AS  
AUTORISERT REGNSKAPSFØRERSELSKAP

**Herøy Kommune**  
**Postboks 274**

**6099 Fosnavåg**

**Tjørvåg, 31. oktober 2013.**

**Moldskred Renovasjon AS, 6070 Tjørvåg, org.nr. 986 814 353**  
**Søknad om tilskudd til markedsstøtte fra RDA-midler**

Vi viser til vedlagte søknadsskjema på vegne av Moldskred Renovasjon AS, hvor det søkes om et tilskudd på inntil 50% av et investeringsbehov på kr. 300.000,-.

Etter at selskapet har måtte gi tapt på slamkontraktene i Herøy, Ulstein, Hareid og Sande, har bedriften vært nødt til å legge om driften. Dette har medført at selskapet har valgt å kjøpe en Amphitrc Supersuger og selge unna septikbilene og deretter skape et nytt marked for å bygge virksomheten. "Supersugeren" ble levert i juli 2013, men har hatt en del innkjøringsproblemer og er først nå kommet i noenlunde normal virksomhet.

Supersugeren er bygget på et Volvo FH 16 chassis, med 750 hk motor, og har følgende utstyr:

- Vakuumpumpe 9000 kbm 3/t. Roots Blower
- 200 m 5" suge/blåseslange
- 200 m 6" sugeslange
- 10 m 8" sugeslange
- Vannpumpe 35 l/min. - max 400 bar
- 14kbn slamtank
- Suger alle typer tørre og våte masser
- ADR-godkjent

Supersugeren kan benyttes til følgende tjenester, som selskapet så langt ikke har hatt utstyr til å betjene:

- Suging av leire og flis
- Rensking av kabelgater og kulverter uten å skade sårbare installasjoner
- Rengjøring av maskiner og installasjoner som ikke tåler vann. Fjerning av støv og smuss.
- Blåsing av masser som singel, grus, leca og lignende
- Filtermasser (sand/kull etc.)
- Oppsuging av forurensende masser.
- Fjerning av stubbloft
- Rengjøring og suging av slam i tuneller og sjakter
- Mudringsarbeid
- Avdekking/tildekking av rør og kabler
- Suging av mud/slop
- Gravejobber hvor det ikke er mulig å komme til med gravemaskin, suging/blåsing av singel, sand og lignende
- Fjerning/legging av taksingel/kulestein
- Suging av isolasjon, kis, glassvatt og steinull
- Suging av gjødsel
- Suging av beting/ement, ved brudd i forskaling og lignende
- Skade begrenning etter oljelekkasjer og lignende

Dette er *nye tjenester* Moldskred Renovasjon AS kan tilby i markedet ved hjelp av "Supersugeren", tjenester som selskapet ikke har vært i stand til å tilby tidligere, med de slamsugere som selskapet har hatt tidligere.

**MOLDSKRED**  
MOLDSKRED REGNSKAPSKONTOR AS  
AUTORISERT REGNSKAPSFØRERSKAP

**Side 2**

For selskapet er det derfor avgjørende å få markedsført disse tjenestene på en profesjonell måte i flere medier, slik at man får bygget opp et marked for disse tjenestene.

Selskapet har utarbeidet en markedsplan for markedsføring av de nye tjenestene

**Markedsføringsplan for Supersugeren - NYE TJENESTER!!**

<u>Hvor</u>	<u>Sum</u>	<u>Hva</u>
Avisreklame	60000	(Vestlandsnytt, Vikebladet, Regionavisa, Sunnmørsposten, Møre, Nytt i Uka, Fjordin
Gulesider/1881/google.no	35000	(Internett)
Reklamevideo	65000	(Presentasjonsverktøy - Videoreklame av bilen i arbeid)
Bilreklame folie	20000	(representasjon)
Facebook	20000	(Internett)
Hjemmeside	25000	(Internett)
Bedriftsbesøk	75000	(Presentasjon av bil - Stor kostnad da vi må gjøre dette gratis for å få vist oss frem)

**Totalt:** 300000

**Hvordan og hvorfor**

Reklame video: Vi kan bruke dette på alle fergeskjermene i regionen, kinoer, div kanaler på internett, osv.

Gulesider: Viktig å ligge øverst og være synelig

Facebook: Vi ønsker å bruke Facebook aktivt for å få en positiv "snakkis" med gamle og nye kunder

Bilreklame: Synlighet i regionen

Aviser: Tydelighet på hva vi har å tilby

Hjemmeside: Oppdatering av eksisterende side, med bedre markedsføring

Bedriftsbesøk: Reise rundt på bedriftsbesøk til stor entreprenører og oljebaser for å oppnå langsiktige kontrakter

Selskapet planlegger at ovenstående markedsplan skal være gjennomført innen utgangen av 1. kvartal 2014.

På vegne av selskapet søkes hermed om støtte fra ordningen for Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA) på inntil kr. 150.000,-, til dekning av 50% av planlagde markedsføringstiltak som er budsjettert til kr. 300.000,-.

Med vennlig hilsen

For Møldskred Renovasjon AS

  
Møldskred Regnskapskontor AS

Gunnar Moldskred

Daglig leder/autorisert regnskapsfører



Assisterande rådmann

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/514
		Arkiv:	230

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
95/13	Komite for næring, kultur og idrett	02.12.2013

### SØKNAD OM RDA- MIDLAR. FOSNAVÅG KONSERTHUS AS

#### Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 20.000.000,- til Fosnavåg Konserthus. (ref. mål 1.b, 1.c, 2.a og 3.a.).

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2014. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til RDA- midlane.

#### Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

#### Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

### Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakar må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

### Særutskrift:

- Fosnavåg Konserthus AS v/Fredrik Remøy, Rem Maritime, PB 143, 6099 Fosnavåg.
- Assisterande rådmann
- Økonomiavdelinga

**Vedlegg:**

- Søknad datert 24.09.2013.

**Saksopplysninger:**

Styret i Herøy Næringsforum har i møte 21.10.13 kome med slik innstilling i saka:

«Styret i Herøy Næringsforum innstiller kr.20.000.000,- til Fosnavåg Konserthus.  
(ref. mål 1.b, 1.c, 2.a og 3.a.)»

**Vurdering og konklusjon:**

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Konsekvensar for folkehelse:

Positiv konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 26.11.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



Søknadsskjema om RDA midlar		
Informasjon om søker		
Namn	Fredrik Remøy	
Firmanamn	Fosnavåg Konserthus AS	
Forretningsadresse	Rem Maritime AS, PB 143, 6099 Fosnavåg	
Organisasjonsnummer		
Telefon:	Mobil:97087997	E-post:fredrik.remoy@rem-maritime.no
Informasjon om prosjekt		
Namn:	Fosnavåg Konserthus AS	
Total kostnad/budsjett:	81,500,000	Saksbeh. <i>ØJK</i>
Tilskotssum:	20,000,000	<i>21 OKT. 2013</i>
Tidsrom for prosjektet:	Mars 2012 – September 2014	
Tilskotet skal nyttast til:	Investering	Ark kode P <i>230</i>
		Ark kode S
		Dok.nr. <i>28</i>
Anna: For utbetaling av tidlegare tildelte middel, 2014-delen av tildelinga		
Har du fått anna offentleg støtte i dei siste tre åra?	JA	Beløp:15 000 000
Prosjektomtale (jfr KRD retningsliner vedlegg 2: krav til innhaldet i og forma på søknaden og saksbehandling)		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Presise og realistiske mål/effektar</li> </ul>		
<p>Fosnavåg Konserthus skal være en arena for musikk- og kulturinteresserte i Fosnavåg og regionalt på Sunnmøre. Vi ønsker å skape et helhetlig kvalitetstilbud for både unge lovende artister og å være en arena for de store musikkanledningene som samler menneskemengder. Vi ønsker at konsertsalen skal være av ypperste standard, noe som vil bidra til at både nasjonale og internasjonale artister vil se på dette som en potensiell arena. Samtidig skal både konsertsalen og kinosalen i Fosnavåg være en arena som knytter familier sammen, gjerne gjennom opptredener fra barn og ungdom i musikkskoler, revyer, UKM og andre arenaer. Konsertsalen skal være utformet med ca 500 sitteplasser og et skyvbart amfi og justerbart podium (for ulike høydeplasseringer av blant annet kor). Kinosalen har kapasitet til 98 personer og vil kunne brukes til konferanseformål i tillegg til å være en spesialisert sal for kinofremvisning.</p> <p>Fosnavåg Konserthus vil også ha alle fasiliteter nødvendig for arrangementer, næringslivskonferanser, seminarer og fungere som en arena for lokalt og regionalt næringsliv, i samarbeid med det nye hotellet i Fosnavåg og det planlagte simulatorsenteret.</p> <p>Effekter:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Allmennyttig – Kulturelt midtpunkt i sentrum av Fosnavåg, naturlig møtested for både lokalbefolkning og besøkende</li> <li>2. Næringseffekt – Arena for både store og små arrangementer, konferanser, seminarer, både for næringsliv og politisk liv</li> <li>3. Sosioøkonomisk effekt – økt aktivitet gjennom flere overnattingsdøgn på hotell, skaper et</li> </ol>		

grunnlag for økt tilbud og etterspørsel, og stimulerer da til vekst for Herøy. Auka handel og eit levande og attraktivt miljø på dag- og kveldstid både kvardagar og helger.

Fosnavåg Konserthus AS er et aksjeselskap, der mange bidragsyttere deltar, enten gjennom aksjeeierskap eller sponsormidler/gavemidler. Hvordan den endelige fordelingen aksjonær/sponsor/gavemidler vil være er ennå ikke klarlagt, da det fortsatt arbeides med innsamling av kapital, og i et så kostnadsintensivt prosjekt er mye avhengig av hvor mye kapital som kan reises.

Det er til nå reist i overkant av MNOK74, utenom potensielt låneopptak, og den totale kostnadsrammen er budsjettert til rundt MNOK81, avhengig av hvilket kvalitetsnivå man skal legge seg på mht tekniske installasjoner og interiør.

Fosnavåg Konserthus vil legge seg på et høyt investeringsnivå, som gir ønsket kvalitet og vil definere Fosnavåg Konserthus som det foretrukne konserthuset i regionen blant artister. Vi ønsker at den nye kinosalen skal bli Norges mest moderne kinosal, og at konsertsalen vil inneha tekniske nyvinninger som både gir økt publikumsopplevelse og lavere driftskostnader enn andre flerbrukssaler i Norge.

Mange selskaper deltar med større og mindre beløp, og vi ønsker også å oppfordre privatpersoner til å bli med, gjennom for eksempel å symbolsk «kjøpe» en stol hver.

Søkeren kan dermed sies å være et tverrsnitt av både bedrifter og privatpersoner i Herøy Kommune, som engasjerer seg i utviklingen av lokalsamfunnet vårt. Vi er av den oppfatning at for å bevare et lokalsamfunn må kulturelle tilbud være til stede, og dess bedre tilrettelagt slike tilbud er, dess mer attraktivt vil det bli å bosette seg i området.

Fosnavåg Konserthus AS er et ikke-kommersielt selskap, og alle driftskostnader dekkes av leietagere (Herøy Kommune og Fosnavåg Vekst) i 2 separate leieavtaler. Alt overskudd skal gå til kulturelle formål.

Herøy Kommune har innsynsrett i selskapet.

- Realistisk prosjektplan med milepælar

Fosnavåg Konserthus AS er avhengig av utviklingen i utbygging av hotell. Veidekke er entrepenør og ferdigstillelse av hotell og konsertsal har tidligere blitt estimert til september 2014. Kostnader relatert til utbygging av konserthus vil bli fakturert fortløpende i takt med utbygging.

- Kostnadsoverslag og finansieringsplan med marginar for eventuelle usikre moment

#### Kostnadsoverslag

Total Byggekostnad	57 000 000
Total investeringskostnad	24 500 000
<b>Sum prosjekt</b>	<b>81 500 000.- eks.mva</b>

#### Finansiering

1. AKSJEKAPITAL	15 151 000.-
2. Tilskudd (RDA)	39 000 000.-
3. Spelemlidar	2 000 000.-
3. Sponsorinntekter	17 024 000.-
4. Gaver	4 850 000.-
<u>4. Langsiktig lånefinansiering</u>	<u>3 500 000.-</u>
<b>Sum finansiering</b>	<b>81 525 000.-</b>

(Eventuelt detaljert dokumentasjon vert vedlagt.)	
Vedlegg: Presentasjon av hotell og konserthus	
Stad/Dato: Fosnavaag, 24.09.2013	
Signatur:	
<b>Vurderingar (vert fylt ut av administrasjonen)</b>	
Bedriftsretta tiltak: <input type="checkbox"/>	Generell tilretteleggande tiltak: <input type="checkbox"/>
Godkjent med grunngjeving:	
Avslag med grunngjeving:	
Stad/Dato	
Signatur	

### Rettleiing

Føremålet med søknadsskjemaet er effektiv og korrekt saksbehandling for RDA-midler ihht regelverket,

- Reglementet for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten,
- KRD retningslinjer kapittel 551, post 60 og 61,
- M&R fylkeskommune sine retningslinjer for næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift



Assisterande rådmann

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/514
		Arkiv:	230

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
96/13	Komite for næring, kultur og idrett	02.12.2013

### **SØKNAD OM RDA- MIDLAR. RUNDE MILJØSENTER - KALDT HAV UTSTILLING.**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 250.000,- frå RDA- midlane til opning og arrangement av utstillinga "Kaldt hav - heite spørsmål" (ref. mål 1.a, 2.a og 2.b.).»

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2014. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til RDA- midlane.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta

i samsvar med regelverket.

#### Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakar må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

#### Særutskrift:

- Runde Miljøsender v/Nils-Roar Hareide
- Assisterande rådmann
- Økonomiavdelinga

**Vedlegg:**

- Søknad datert 17.11.13 med vedlegg.

**Saksopplysninger:**

Styret i Herøy Næringsforum har i møte 21.11.2013 kome med slik innstilling i saka:

*«Styret innstiller kr.250.000,- til opning og arrangement av utstillinga "Kaldt hav - heite spørsmål" (ref. mål 1.a, 2.a og 2.b.).»*

**Vurdering og konklusjon:**

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.


Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 26.11.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



## Runde Miljøsentre

Til Herøy Næringsforum  
v/ Svein Rune Gjerde og Geir Idar Kvalsvik

Runde 17. november

Viser til samtale med Svein Rune Gjerde den 15. november og til innsendt søknad om støtte til utstillinga Kaldt-Hav – Heite spørsmål.

I vår søknad til Herøy Næringsforum var der ikkje lagt ved budsjett. Det vart vist til eit totalbudsjett for heile prosjektet. Vi har søkt Herøy Kommune om støtte på 100.000 kroner. Kommuna har bedt om eit budsjett for tiltaket. Vi har derfor sendt over budsjett knytt til visning i Herøy og til arrangement knytt til dette. (sjå nedanfor). Etter avtale med Svein Rune Gjerde ettersender eg dette budsjettet til Herøy Næringsforum.

Budsjettet er på totalt kr 1.275.000. Dei postane som har første prioritet er leige av kulturhus, opningseremoni og busstransport for skulelevar. Det er sett opp ei liste over mulige finansieringskjelder på tilsaman 1,8 mill kroner. Vi reknar ikkje med å få støtte frå alle og det endelege budsjettet må derfor tilpassast det som kan skaffast av midlar.

Vi har hatt møte med kulturetat og ordførar og det er gitt signal om Herøy Kommune kan dekkje leige av kulturhus og stille med personell til å planlegge og arrangere opningseremoni. Dette bidraget reduserer våre kostnadsoverslag med om lag 200.000 kroner alt ettersom kor mykje arbeidstid kommuna legg inn i tiltaket.

Vi arbeider og med planlegging og organisering av diverse seminar og tilstellingar. Vi ynskjer å aktivere ungdomsrådet, næringsliv og andre i dette arbeidet og har planar om å legge fram prosjektet på diverse møter om kort tid.

Håper at dette er nyttig informasjon for dykkar handsaming av denne saka.

Beste helsing


Runde Miljøsentre

Nils-Roar Hareide  
(Dagleg leiar)



<b>Budsjett for utstilling i Herøy</b>	Kr
Leie av Kulturhuset	100 000
Opprigg nedrigg etc	150 000
Regnskap	15 000
Pressearbeid/pressemeldinger mm.	25 000
Nynorsk språkversjon (utst.tekster, brosjyrer, posters + ped materiell)	50 000
Nynorsk banner (alt nynorsk kan kun ved Hærøy-visning)	40 000
Busstransport skuleborn	200 000
Administrasjon koordinering skular	50 000
Innleigde pedagogar 23 dagar	45 000
Guide (helger, kvelder)	25 000
Opningsseremoni med meir	225 000
Koordinering temakvelder etc	100 000
Seminar 1	125 000
Seminar 2	125 000
<b>Totalt</b>	<b>1 275 000</b>

<b>Finansiering</b>	
Sparebanken Møre	500 000
Herøy Kommune	100 000
Møre og Romsdal Fylkeskommune	200 000
Andre Kommunar	100 000
Herøy Næringsforum	250 000
Mafoss	250 000
Maritimt Forum	200 000
Norges Fiskarlag	200 000
<b>Totalt</b>	<b>1 800 000</b>



Runde Miljøsentre

Til:

Herøy Næringsforum  
6090 FOSNAVÅG

Dykkar referanse

Dykkar brev av

Vår referanse

Dato 22.10.13

## KALDT HAV – HEITE SPØRSMÅL

### SØKNAD OM STØTTE TIL OPNING OG ARRANGEMENT

Norsk maritim verksemd over og under vatn, sjømat/fiskeri, biomarine næringar og olje/gass – saman utgjer disse områda dei økonomisk viktigaste og mest innovative delar av vårt næringsliv.

På initiativ frå Nærings- og handelsdepartementet kalla nyleg Noregs forskningsråd inn til møte der representantar frå Olje- og energidepartementet, Kunnskapsdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet deltok. Tema var korleis stimulere til ein sterkare synergi mellom dei tre store havbaserte næringsområda.

I dette møte vsrt utstillinga *Kaldt hav – heite spørsmål* presentert, fordi denne nettopp aktualiserer mulegheitene som havet gir. Denne utstillinga set søkelys på noko som mange har vore klar over, men som altfor sjeldan blir sagt og knapt nokon gong før er vist for allmenta;

**At Norges viktigaste næringsområde har det til felles at dei alle bygger på havet og ressursane som finnast der.**

Kaldt hav – heite spørsmål er ein arena der våre mange relasjonar til havet lir sett i scene. Utstillinga har ein unik samansetjing då den utnyttar det nyaste av teknologiske mulegheiter og teknikkar, og skaper ein verdig ramme rundt sitt betydningsfulle budskap.

Utstillinga vart første gang presentert for offentlegheita sammen med en fire minutt film som innleia «Forskningens festaften» 18. september 2013, et årleg arrangement i Oslo Konserthus i regi av Noregs forskningsråd.

Vedlagte presentasjon gir ein kort utgreiing av kva utstillinga og prosjektet omfattar og korleis det er organisert. Utstillinga er finansiert av Fiskeri- og kystdepartementet, Utanriksdepartementet, Forskningsrådet og ei rekkje nasjonale fond og stiftingar. Denne

Forretn. Adresse: 6096 Runde  
<http://www.rundecentre.no>

Postadresse:  
6096 Runde

Org. Nr. 987 410 752  
Bankkonto: 3997 04 08189

**Havrommet og mulegheitene.**


På Sunnmøre ligg det nær å lage opplegg/temakvelder/seminar om mellom anna subsea, sjømat, dyrking av havet og bioprospektering. Medan utstillinga varer er silda på veg mot gyteplassane sine i havet utanfor Sunnmøre, som og kaller på arrangement.

Å få premierevisninga av utstillinga til Hærøy er en begivenhet som har store potensialer i forhold til mediedekning, også nasjonalt. Ikkje bare opninga, men og ulike arrangement gir oppmerksomhet og store muligheter til å fremme regionen sitt næringsliv. Utstillinga skal i 2015 bl.a. til Nord-Amerika finansiert av Utanriksdepartementet, som ønsker å bruke utstillinga til Noregsreklame og oppmerksomhet, ikkje minst for næringslivet. Det ligg og føre planar om tilsvarande visningar i fleire EU-land. Lokalt engasjement frå Sunnmøre opner for å nytte utstillinga til eksponering.

Premierevisninga og aktivitet rundt utstillinga Kaldt hav – heite spørsmål i Herøy forutset lokal støtte og engasjement frå regionen.

Sunnmøre er ein region der næringsliv og busetjing nesten utelukkande er basert på dei muligheitene havet gir oss.

Vi ber derfor om kr. 250.000,- som bidrag til å realisere dette for regionen så viktige tiltaket.

Venleg helsing  
  
Nils-Roar Hareide

Olav Christensen

**RUNDE MILJØSENTER**

Utstilling på nasjonal turné

2014

KALDT  
HAV

HEITE SPØRSMÅL



I 2014 har Noreg sju gongar så mykje hav som land.  
Men kva rikdomar finst det der, og korleis tek vi vare på moglegheitene?  
Og kva inneber det å ha ansvar for desse enorme havområda?

Utstillinga **Kaldt hav – heite spørsmål** gjev ei unik moglegheit for å bli kjent med Noreg som moderne havnasjon. Det er ei vakker utstilling, full av overraskingar og nye innsikter, med film frå tidlegare ukjente verder og eineståande gjenstandar.

Utstillinga viser eit samansett bilete av korleis havet legg grunnlag for vår velstand, og løftar fram det produktive samarbeidet mellom ulike kunnskapsområde. Forteljingar om engasjerte enkeltmenneske teiknar bilete som forklarar Noregs suksess som havnasjon.

Men ansvaret for havet byr òg på store utfordringar, og nokre av dei er heite spørsmål.

**Vert det fisk nok til komande generasjonar?  
Korleis forvalte havressursane slik at ulike typar verksamheit kan eksistere side ved side?  
Kva vil klimaendringane bety i Arktis?**

Utstillinga **Kaldt hav – heite spørsmål** har noko viktig å fortelje til alle, uansett alder og føresetnader.



**KALDT  
HAV**  
HEITE SPØRSMÅL

## JUBILEUMSUTSTILLING


**2014** er eit merkeår for meir enn Grunnlova på Eidsvoll. Den 14. januar 1814 vart Noreg definitivt skild frå sine gamle skattland i Nord-Atlanteren. Ved Kieltraktaten vart Noreg overført til Sverige, og Danmark fekk behalde Færøyane, Island og Grønland.

Men dramatikken byrja før: I 1807 hadde engelskmenn rana den dansk-norske marineflåten i København, og i åra fram til 1814 blokkerte britane på ein effektiv måte all internasjonal norsk skipstrafikk. Den norske flåten av handelsskip rotna langs kysten.

Men i løpet av dei 200 åra som har gått sidan, har Noreg gradvis vunne tilbake si gamle rolle som hovudaktør i havområda i nord. Mykje av det som gjekk tapt i 1814 er no «gjenerobra». Dette er bakteppe for opninga av utstillinga i Fosnavåg 14. januar 2014.

Ein dokumentarfilm som samanfattar denne viktige men lite kjende historia er under arbeid, med Arnt Stefansen (kjend frå NRK) som forteljar.





Runde Environmental Centre



## EIN KUNNSKAPSDUGNAD

**Kaldt hav – heite spørsmål** har si forankring på Runde Miljøsentri i Møre og Romsdal. Ansvarleg for idé og utvikling er dr. art. Olav Christensen.

Leiar for prosjektet si faglege referansegruppe er spesialrådgjevar Inger Stray Lien, Universitetet i Oslo. Andre medlemmer er direktør Cecilie Mauritzen, CICERO; direktør Ole Arve Misund, Universitetssenteret på Svalbard; kommunikasjonsdirektør Kari Østervold Toft, Havforskningsinstituttet; spesialrådgjevar Lars Horn, Noregs Forskningsråd; seniorrådgjevar Anne Ditlevsen, Noregs Forskningsråd; og forskingsleiar Nils-Roar Hareide, Runde Miljøsentri.

Utstillinga har vorte til i ein stor nasjonal kunnskapsdugnad der ei rekkje av våre fremste forskarar bidreg, mellom andre Torgeir Moan, NTNU; Nils Christian Stenseth, Universitetet i Oslo; Rolf B. Pedersen, Universitetet i Bergen; Sebastian Gerland, Norsk Polarinstitutt; Mette Sørensen, UiN; og Erling Kåre Stenevik, Havforskningsinstituttet.

Frå næringslivet vert presentert mellom andre Aino Olaisen, Lovund i Nordland; Kjersti Kleven, Ulsteinvik, Stig Remøy, Fosnavåg; og frå forvaltninga Peter Gullestad, Fiskeridirektoratet i Bergen.



## NASJONAL TURNE 2014


I løpet av 2014 skal utstillinga visast ti stadar frå nord til sør i Noreg. Premiera finn stad på merkedagen 14. januar, i den store salen i Herøy Kulturhus. I mars/april vitjar den Bodø Kulturhus og Tromsø Kulturhus. Mai/juni vert den vist mellom anna i Gjøvik, Porsgrunn og Kongsberg. I sommarferien er planen å vise den i Stavanger/Arendal.

I midten av august vitjar utstillinga Trondheim og fiskerimessa Nor-Fishing. 27. august opnar den på Naturhistorisk Museum i Oslo, og skal stå der i 8 veker. Dei siste 7 vekene av 2014 vert utstillinga vist på Bryggens Museum i Bergen. I Oslo og Bergen vert det planlagt eit omfattande fagleg program med mellom anna temadagar, søndagsforedrag og seminar.

Ei spesielt viktig målgruppe er barn og unge. I samband med det har vi under utvikling skreddarsydde formidlingsopplegg for 7. trinn i grunnskulen og VG1. Desse vert tilpassa pensumkrav og kunnskapsmål, slik at lærarar og skular ser verdien av å bruke tid på utstillinga. Utanfor dei store byane vil vi legge til rette ved å gje gratis busstilbod til skulane, i tråd med intensjonen i utstillinga: Å auke kunnskapen om Noreg og havet, og å stimulere naturfaginteressa hos unge.

I 2015 skal den til Nord-Amerika i regi av Utanriksdepartementet.





Bakveggen i utstillinga er ein femten meter brei videovegg med film og bilete frå havet. Dette består mellom anna av unikt HD-materiale frå nye forskingsprosjekt. Åtte runde montrar med gjenstandar, og korte forklarande filmar i monter-sokkelen.



## MONTRAR MED INTERAKTIVE FORSKINGSSTASJONAR OG ORIGINALGJENSTANDAR.

### **BIOLOGI:**

Om torsken sin «ferdskrivar», øyrestein frå Lofoten.

### **GEOBIOLOGI:**


Mineralisering på havbotn nord for Jan Mayen. Stein med gull.

### **KLIMA:**

Frysemontrar med iskjerne av 2.års is frå Framstredet.

# KALDT HAV

HEITE SPØRSMÅL




## FORDJUPNING

Dei tre fordjupingsstasjonane tek føre seg henholdsvis:

- Sjømat/biomarine næringer
- Olje/gass
- Maritime næringer

Kvart av næringsområda vert presentert ved viktige og prototypiske relasjonar mellom aktørar, eksempelvis mellom reiar, verft, klassifisering (f.eks. Veritas) og forsikring. Til dei tre fordjupingsstasjonane vil det inngå relevante originalgjenstandar. I tillegg består utstillinga av ein introduksjonsdel der publikum mellom anna vert presentert for ny norsk havgeografi. Egna areal for utstillinga er frå 250-300 m<sup>2</sup>. Den har stor fleksibilitet, og kan dermed lett tilpassast ulike visningsstadar. Solid utføring og enkel transport i 20-fots container. Alle tekniske løysingar tilpassa krav om driftsikkerheit.



Assisterande rådmann

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/514
		Arkiv:	230

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
97/13	Komite for næring, kultur og idrett	02.12.2013

### SØKNAD OM RDA- MIDLAR. SUNNMØRE MUSEUM.

#### Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på kr.75.000,- frå RDA- midlane til formidlingsprosjektet Flåværleia som er i samarbeid med skulane i Herøy (10.klasse). Eit godt identitetsprosjekt med vekt på Herøy kommune si historie (ref. mål 1.a og 2.b.).

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2014. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til RDA- midlane.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta

i samsvar med regelverket.

#### Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakar må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

#### Særutskrift:

- Stiftinga Sunnmøre Museum, Postboks 6607 Hatlane, 6024 Ålesund
- Assisterande rådmann
- Økonomiavdelinga

**Vedlegg:**

- Søknad frå Sunnmøre Museum v/Frode Pilskog

**Saksopplysningar:**

Styret i Herøy Næringsforum har i møte 21.11.13 kome med slik innstilling i saka:

*«Styret innstiller kr.75.000,- til formidlingsprosjektet Flåværløia som er i samarbeid med skulane i Herøy (10.klasse).*

*Eit godt identitetsprosjekt med vekt på Herøy kommune si historie (ref. mål 1.a og 2.b.).»*

**Vurdering og konklusjon:**

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Ingen konsekvens.

**Konsekvensar for beredskap:**

Ingen konsekvens.

**Konsekvensar for drift:**

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 26.11.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Herøy Næringsforum  
pb. 69  
6099 Fosnavåg

Stiftinga Sunnmøre Museum  
Postboks 6607 Hatlane  
6024 Ålesund

Søknad om RDA midlar til formidlingsprosjektet *Flåværleia*

Stiftinga Sunnmøre Museum ønskjer å søke om kr. 75 000 i RDA-midlar for å gjennomføre eit kulturhistorisk formidlingsprosjekt for 10. klasser i Herøyskolen i 2014. Formidlinga fokuserer på kystkultur med særleg vekt på Flåværleia.

Med prosjektet Flåværleia ønskjer museet å dokumentere og formidle kunnskap både om skipsleia og historier knytt til ho. Blant tiltaka er dokumentasjon av skipsleia, samt formidling både gjennom fysisk museumsformidling, filmatisering og digital formidling.

Vi ønskjer blant anna å gjennomføre eit formidlingsopplegg på Herøy Kystmuseum der vi formidlar kystkultur for alle 10. klassingane i Herøy kommune. I tillegg ønskjer vi å lage 1 filmsnutt a 3 minutt som vert gjort digitalt tilgjengeleg gjennom nettsida: [www.kystreise.no](http://www.kystreise.no)

Kystreise.no er Kystverkmusea si felles 2014 satsing på kystkultur. Kystverket og Fiskeri- og kystdepartementet er sterke bidragsytarar til nettsida. Gjennom nettsida vert kystkultur formidla på ein digital plattform. Nettsida er tilpassa både pc, nettbrett og smarttelefonar. Alt materiale vert lagt ut med Creative Commons lisens, som gjev tilgang for alle. Nettsida vert soleis ein formidlingsportal for alle som reiser i området.

I 2013 har Dalsfjord Fyrmuseum og Herøy Kystmuseum samarbeida med dokumentasjon og registrering av kulturminne langs Flåværleia. I 2014 vert mykje av dette materialet gjort tilgjengeleg på Kystreise.no.

Ved filming og produksjon av filmsnuttar samarbeider vi med Høgskulen i Volda ved Steinar Høydal, avdeling for mediefag.

Prosjektet er planlagt gjennomført i 2014, men vi meiner at formidlingsopplegga som vert utvikla, samt den digitale formidlinga, har relevans i åra framover og kan køyrast i lang tid.

Dersom de ønskjer meir utfyllande opplysingar om prosjektet kan det ta kontakt med prosjektleiar for Flåværleiprojektet Frode Pilskog, [frode@dalsfjord.fyrmuseum.no](mailto:frode@dalsfjord.fyrmuseum.no) tlf. 45869827

Mvh.

Frode Pilskog  
Stiftinga Sunnmøre Museum  
Prosjektleiar Flåværleia

*Budsjett:*

Formidlingsprosjekt om Flåværleia på Herøy kystmuseum for alle 10. klasser i Herøy.

Prosjektstøtte RDA-midler	75000
Stiftinga Sunnmøre Museum	42000
<b>Sum inntekter</b>	<b>117000</b>
<b>Kostnader</b>	
Honorar/godtgjerdse instruktører	12000
Utstyr og materiell	5000
Reisekostnader/diett instruktører	4000
Elevtransport	25000
Klargjering av båtar	2000
Administrasjon og utvikling	9000
Filmsnutt	60000
<b>Sum utgifter</b>	<b>117000</b>
Balanse	0





Assisterande rådmann

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/514
		Arkiv:	230

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
98/13	Komite for næring, kultur og idrett	02.12.2013

### **SØKNAD OM RDA- MIDLAR. MAKRELL- FESTIVAL 2014.**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 175.000 til Makrellfestival 2014 (ref. mål 1.c, 2.a. og 2.c i handlingsplanen).

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2014. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til RDA- midlane.

#### **Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering**

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

#### **Kontroll**

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

### Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakar må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

### Særutskrift:

- Frank Lied
- Assisterande rådmann
- Økonomiavdelinga

**Vedlegg:**

- Søknad datert 28.10.13.

**Saksopplysninger:**

Styret i Herøy næringsforum har i møte 21.11.13 kome med slik innstilling i saka:

«*Styret i Herøy Næringsforum innstiller kr 175.000 til Makrellfestival 2014.*  
(ref. mål 1.c, 2.a. og 2.c i handlingsplanen).»

**Vurdering og konklusjon:**Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 26.11.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



Krav til innholdet i og forma på søknaden og saksbehandlinga, jfr: KRD retningsliner vedlegg 2: rettleiing for forvaltning av tilskottsordningar

Søknaden skal vere skriftleg og skal som grunnlag for vurderingar av den enkelte søknaden innehalde:

- Presise og realistiske mål
- Realistisk prosjektplan med milestolpar og aktivitets- og resultatutgreiingar
- Kostnadsoverslag og finansieringsplan med marginar for moglege usikre moment
- Oversikt over mottatt bagatellmessig støtte siste tre år, dersom relevant.

Utover det avgjer forvaltar krav til innhald i og form på søknaden. Det vil vere:

1. Informasjon om søkjar. Søkjar skal vere mottakar i tilsagnsbrev/avslagsbrev.
2. Informasjon om prosjekt. Eventuelt andre dokumentasjon vert vedlagt.
3. Signatur
4. Vurderingsfelt. Dette vert utfylt av plangruppe/administrasjonen/styre i næringsforum. Feltet omfattar tiltak sitt føremål, godkjenning/avslag, grunngjeving av vedtak/dato/signatur(stempel).
5. Dersom søknaden er avslått vert skriftleg grunngjeving send til søkjaren.

Godkjent søknadsskjema vert framlagt til kommune (formannskapet) for endeleg vurdering. Når formannskapet godkjenner/avslår søknaden vert standardisert tildelingsbrev/avslagsbrev sendt til søkerane.

Markedsføring	100000
Vakter	50000
Konferanse	35000
(Eventuelt detaljert dokumentasjon vert vedlagt.)	
Vedlegg:	
Stad/Dato:	Fosnavåg 29/10-13
Signatur:	Frank Lind
<b>Vurderingar(vert fylt ut av administrasjonen)</b>	
Bedriftsretta tiltak: <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/>	Generell tilretteleggande tiltak:
Godkjent med grunngjeving:	
Avslag med grunngjeving:	
Stad/Dato	
Signatur	

### Rettleiing

Føremålet med søknadsskjemaet er effektiv og korrekt saksbehandling for RDA-midler ihht regelverket,

- Reglementet for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten,
- KRD retningslinjer kapittel 551, post 60 og 61,
- M&R fylkeskommune sine retningslinjer for næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift

Krav til innhaldet i og forma på søknaden og saksbehandlinga, jfr: KRD retningsliner vedlegg 2: rettleiing for forvaltning av tilskottsordningar


Søknaden skal vere skriftleg og skal som grunnlag for vurderingar av den enkelte søknaden innehalde:

- Presise og realistiske mål
- Realistisk prosjektplan med milestolpar og aktivitets- og resultatutgreiingar
- Kostnadsoverslag og finansieringsplan med marginar for moglege usikre moment
- Oversikt over mottatt bagatellmessig støtte siste tre år, dersom relevant.

Utover det avgjer forvaltar krav til innhald i og form på søknaden. Det vil vere:

1. Informasjon om søker. Søker skal vere mottakar i tilsagnsbrev/avslagsbrev.
2. Informasjon om prosjekt. Eventuelt andre dokumentasjon vert vedlagt.
3. Signatur
4. Vurderingsfelt. Dette vert utfylt av plangruppe/administrasjonen/styre i næringsforum. Feltet omfattar tiltak sitt føremål, godkjenning/avslag, grunngjeving av vedtak/dato/signatur(stempel).
5. Dersom søknaden er avslått vert skriftleg grunngjeving send til søkeren.

Godkjent søknadsskjema vert framlagt til kommune (formannskapet) for endeleg vurdering. Når formannskapet godkjenner/avslår søknaden vert standardisert tildelingsbrev/avslagsbrev sendt til søkerane.



Assisterande rådmann

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/514
		Arkiv:	230

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
99/13	Komite for næring, kultur og idrett	02.12.2013

### SØKNAD OM RDA- MIDLAR. MARITIM SOMMARFESTIVAL 2014.

#### Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 175.000 til Maritim sommarfestival 2014 (ref. mål 1.c, 2.a. og 2.c i handlingsplanen).

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2014. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen, går tilskotet attende til RDA- midlane.

#### Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

